

Austrheim kommune



Kulturprisvinnar Henrik Austrheim

Årsmelding 2016

04.05.2017

Denne årsmeldinga er ført i pennen av rådmannsgruppa som eit samandrag av avdelingsleiarane og dei andre bidragsytarane sine innspel

Innhold

MERKNADER FRÅ RÅDMANNEN	3
Politisk organisering	4
Administrativ organisering.....	5
Overordna mål og måloppnåing:	5
Måloppnåing:.....	6
ADMINISTRASJON	7
Politikk	7
Samfunnsutvikling.....	8
Driftsinntektene	10
Skatteinntektene.....	11
Økonomisk oversyn	12
Driftsutgiftene.....	13
Lønn og sosiale utgifter.....	13
Personalstatus.....	13
Lønn og sosiale utgifter.....	14
Rekneskapsmessig resultat	15
Rekneskapsmessig resultat på ansvarsområda	16
Avvik i forhold til justert budsjett 2016	17
Investeringsregnskapet.....	17
Balanserekneskapet	17
Økonomi samanlikna med landet	18
Sjukefråvære	20
AMU - Arbeidsmiljøutvalet	20
Administrasjonsutvalet	21
Kompetanse	21
Samarbeid med tillitsvalde	21

Diskriminering og likestilling	22
Etikk.....	22
Skular	23
Vidareutdanning:	24
Kaland barne- og ungdomsskule.....	24
Årås skule	25
Spesialundervisning	26
Barnehagar.....	27
Austrheim kystbarnehage:.....	28
Kaland barnehage:	28
PPT	28
Vaksenopplæringa (VO)	29
Barnevern.....	31
Landbruk	33
Plan, byggesak, oppmåling og miljø.....	33
Driftsavdelinga	35
Helseavdelinga	37
PLOMS – Pleie og omsorg	41
Nav Sosial	44
KULTURAVDELINGA	48
Folkehelsearbeidet i Austrheim 2016	53
FRIVILLIGSENTRALEN 2016	53
Befolkningsutvikling Austrheim Kommune	55
Innvandring til Austrheim	58
Sluttord	59

MERKNADER FRÅ RÅDMANNEN

Austrheim Kommune er ei relativt stor verksemd med 319 tilsette, i 2015 var det 331. Dette utgjør 249 årsverk, mot 254 i 2015. Kommunen utfører eit mangfald av tenester som er viktige for lokalsamfunnet vårt.

Økonomisk sett har 2016 vore eit godt år, med rekneskapsmessig overskot på kr. 4,5 mill. Med utgangspunkt i at resultatet for 2015 var minus 8,250 mill. så er dette ein formidabel snuoperasjon. Bakgrunnen for det gode resultatet er at lønskostnaden i 2016 ligg under lønskostnadene i 2015 og med det også kostnadene med pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Rammetilskotet og skatt har auka vesentleg i høve til 2015, men var i samsvar med budsjettet med kun ein mindre auke i skatteingongen. Nettoauken i skatt og rammetilskot frå 2015 er på ca.kr.12 mill. Skatteingongen til Austrheim kommune har blitt redusert i høve til andre kommunar som har hatt betre utvikling i skatteingongen, slik at inntektsutjamninga har gått ned dei siste åra.

Med utgangspunkt i skatteinntektene for 2013, 2014 og 2015, vil Austrheim kommune få tilbake småkommunetilskotet i 2017. Prognosen i forhold til landsgjennomsnittet er i desse åra 118,9%, 118,9% og 109,9%. For 2016 var skattenivået på 115,6% i forhold til landsgjennomsnittet.

Budsjettet for 2017 gjev store utfordringar då resten av det akkumulerte underskotet skal dekkjast inn. I budsjettet er dette kr. 7.748.000,-. Budsjettet mindreforbruk i 2016 var kr. 500.000,-, men med utgangspunkt i det gode resultatet i 2016, er behovet for inndekning i 2017 redusert til ca. kr. 3 798 550. Det vil likevel vera ein stor utfordring å dekke inn det akkumulerte underskotet for å unngå å havne på Robeklista.

Investeringane i 2016 var kr. 24.115.996,-. Dei største investeringsprosjekta er oppgradering av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, kjøp av to hus til flyktningar, slutføring av Kystbarnehagen og prosjekt Austrheim idrettspark.

Fylkesmannen har uttrykt skepsis til kommunen sitt høge investeringsnivå, og at dette kan gå utover kommunen si drift i framtida. Ser vi på utviklinga for betaling av renter og avdrag for perioden 2012 – 2016, så er det ein nedadgåande kurve. I 2012 betalte vi kr. 8.068.000,- mens vi i 2016 betalte kr. 7.886.000,- i avdrag. I 2012 betalte vi kr. 5.013.000,- i renter på lån, mens vi i 2016 betalte kr. 4.131.293.

Med investeringar i 2016 har Austrheim kommune investert for over 600 mill. kr for perioden 1986 til i dag. I heile denne perioden har kommunen investert jamt kr. 20. mill. pr. år. Det er imponerende av ein liten kommune som Austrheim. Resultatet er at kommunen er godt stilt i høve til bygg, anlegg og vegar, men framleis er det store investeringsprosjekt som står att.

Austrheim 24.04.17

Jan Olav Osen
Rådmann

Politisk organisering

Kommunestyret for perioden 2015 - 2019

- Arbeidarpartiet:** Per Lerøy(Ordførar), Asbjørn Brandtun, Siri Kaland, Merethe Rikstad
Tresvik, Hardy Pedersen, Monika Thorpe, Trude Sleire og Tore Austrheim
- Kristeleg folkeparti:** Anne Dahle Austrheim(Varaordførar) og Randi Dyrøy
- Senterpartiet:** Reidar Øksnes
- Høgre:** Jorund Stellberg, Rikke Heldal Hope, Morten Sognnes og
Viggo Leirvåg
- Venstre:** Petter Skarnes Lerøy og Jan Erik Espelid

Einskilde politikarar har hatt permisjon i 2016.

Formannskapet for perioden 2015 – 2019

Per Lerøy (Ap), Anne Dahle Austrheim(Krf), Siri Kaland(Ap)), Jorund Stellberg(H) og Jan Erik Espelid (V)


I tillegg er det fylgjande utval i kommunen:

- Elderåd,
- Ungdomsråd,
- Kontrollutval,
- Administrasjonsutvalet og
- Landbruksfagråd.



Tiriltunge - *Lotus corniculatus*, vart i 1998 plukka ut til Austrheim sin kommuneplante. I dag brukar barnekoret Tiriltunge namnet. Her er nokre i koret avbilda under opninga av Kunstløypa i Kulturdagane.

Administrativ organisering



Overordna mål og måloppnåing:

Visjon for utvikling og vekst

- Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim samfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskje, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er:

- Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er:

- Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.
- Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.
- Austrheim skal utvikle seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Økonomisk rammer

Me vil at:

Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.

Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter.

Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.

Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

Vidareføre god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.

Fokusere på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.

Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

Halde budsjetttrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.

Ta høgde for moglege renteauke framover.

Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

Befolkningsvekst

Me vil at:

Befolkningsveksten vert om lag slik som framskrive innbyggjartal(SSB).

Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggjarane.

Det vert tilrettelagt for bustadbygging, og klyngetun i grendene.

Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF område vert forenkla.

Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

I tillegg inneheld den vedtekte samfunnsdelen av kommuneplanen for perioden 2015 – 2027 mål innanfor områda: samfunnsutvikling, tettstadutvikling, kultur, næring, samferdsle og infrastruktur, oppvekst og arbeid, helse og omsorg, psykisk helse og rus, livtidssjukdomar, folkehelse, sosial ulikskap, landskap, miljø og samfunnstryggleik og kommunal organisering og tenesteyting.

Måloppnåing:

- Austrheim kommune deltok i 2016 i prosjektet ny kommune Nordhordland. Resultatet av desse tingingane vart at Austrheim kommune vil stå som eigen kommune .
- Austrheim kommune hadde pr. 01.01.16 2858 innbyggjarar. Den 01.01.17 var innbyggjartalet 2884, ein auke på 26 personar.
- Austrheim kommunestyre har vedteke å ta imot flyktningar. Det er hittil kome 63 flyktningar til Austrheim. Dette inkluderer gjenforeining.
- Det er brukt mykje midlar til lærlingar og TAF-elevar i Austrheim. I 2016 var det 8 lærlingar i verksemda. Målsettinga er å ha 10 lærlingar i kommunen.
- Det er sett i gang eit arbeid for å planleggja omsorgsbustader i Kaland/Fonnes- området. Det er funne eit godt eigna område til dette føremålet som no er under regulering.
- I 2016 er det gjennomført innsparingstiltak utan at dette har i vesentleg grad gått ut over tenestetilboda. I perioden 01.07.15 til 14.10.16 er talet på tilsette redusert vesentleg.
- Gjennomsnittsalderen på arbeidsstokken er høg. I den grad det er mogleg, har ein lagt til rette for gode seniortiltak. Kommunen sine seniortiltak vart i 2016 revidert.
- Den økonomiske utviklinga med underskot i åra 2014 og 2015, er i 2016 snudd til at det er eit overskot på kr. ca. 4,5 mill. kr. Bakgrunnen for dette er at talet på tilsette er i 2016 er redusert til 319 frå 331 i 2015 og talet på årsverk er redusert til 249 årsverk frå 254 årsverk i 2015.
- Målsettinga om eit driftsresultat på 3 % av driftsinntektene er ikkje oppnådd, men med 4.5 mill. i overskot er driftsresultatet på 1,8 % av driftsinntektene. Dette er eit godt resultat når ein samanliknar dette med resultatet for 2015 som var negativt med over 8 mill. kr.
- Kommunen deltek i mange interkommunale tiltak. Mellom anna Regionrådet for Nordhordland(Nordhordland Utvikling), Nordhordland IKT, Nordhordland legevakt og Øyeblikkelig hjelp senger, sjå eiga oversikt som viser interkommunale tiltak og avtaler med

andre kommuner om samarbeid.



Ungdomsklubben vart trekt ut til å laga ein reklame film for BKK sin Sosial Energi kampanje.

ADMINISTRASJON

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av rådmannen med rådmannsgruppa, personalkonsulenten, staben, servicekontoret og økonomikontoret med skattekontor. Ei viktig oppgave er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyret, formannskapet og ymse råd, utval og prosjektgrupper. Handsaming av sektorovergrepande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestjenester for heile organisasjonen, er andre ressurskrevjande og viktige arbeidsoppgåver. Elektronisk politisk møtehandsaming via lesebrett til alle folkevalde er vidareført i 2016. Dette har resultert i av bruken av papir og portokostnadene er stabilisert.

Rådmannen held jamnleg møte med organisasjonane, avdelingsleiarane og sakshandsamarane til møte i politiske utval.

Politikk

Aktiviteten i dei sentrale folkevalde organa i Austrheim kommune 2016/2015:

Utval	Tal saker		Tal møte	
	2015	2016	2015	2016
Austrheim Kommunestyre	173	145	10	12
Austrheim Formannskap	189	151	14	9
Administrasjonsutvalet	17	9	4	2
Arbeidsmiljøutvalet	20	23	4	5
Eldrerådet	6	18	1	2
Kontrollutvalet	43	47	6	5
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	0	0	0	0
Valstyret	10	0	3	0

Møteaktiviteten i kommunestyret er auka frå 2015 til 2016, men i formannskapet er det reduksjon i møta. Av politiske saker kan nemnast budsjett for 2016 med økonomiplan for perioden 2016 – 2020, avgiftssaker, tertialrapport 1 og 2 med budsjettjustering, reguleringsplanar, val til nemnder og utval, kommuneplanarbeidet med samfunnsdel og mange store investeringstiltak. I tillegg har det vore store regionale saker til handsaming som t.d. Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestruktur.

Samfunnsutvikling

Austrheim kommune har også i 2016 delteke i Nordhordland Utviklingsselskap der det gjennom Regionrådet vart arbeidd med mange store prosjekt. Her kan nemnast, Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestrukturprosjektet. Nordhordlandstinget har hatt eit møte i 2016.

Austrheim kommune har saman med Lindås kommune hatt eit eiga samfunnsutviklingsprosjekt med fokus på Mongstad. Her var det tilsett ein nærings sjef/samfunnsutviklar og eige prosjektmedarbeidar. Austrheim kommune gjekk ut av denne ordninga frå 01.01.16 og nærings sjefen vart tilsett i Lindås kommune.

Kommunen deltar i mange interkommunale tiltak, sjå eiga oversikt under.

Nordhordland IKT drift og Nordhordland legevakt er dei mest kostnads krevjande tiltaka.

Interkommunale samarbeidstiltak/avtaler

Namn	Eigardel/Vertskommune	Kostnad 2016 – i
Nordhordland IKT drift	Osterøy	2.100.000,-
IKT strategi	NUI	311.000,-
Nordhordland legevakt	Lindås	1.600.000,-
Senger for øyeblikkeleg hjelp	Lindås	742.000,-
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	64.000,-
Bergen og Omland hamnevesen	Bergen kommune	Ingen kostnad
Nordhordland Revisjon IKS	10,80 %	525.000,-
Sekretariatfunksjon kontrollutvalet	NUI	73.000.
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	6,47 %	238.000,-
Biosfæreprosjekt Nordhordland	NUI	41.000,-
Business Region Bergen	NUI	29.000,-
Yrkes og Utdanningsmessa 2016	NUI	13.000,-
Kompetanseprosjekt	NUI	30.000,-
Nordhordland og Gulen Interkommunale branntilsyn(NGIB)	Lindås	220.000,-
Interkommunalt utval mot akuttforureining (IUA)		44.000,-
DIVA IKS (Vann og Avløp)		8.800,-
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR)	7,88 %	Ingen kostnad
Interkommunalt arkiv	1,97 %	132.000,-
Landbrukskontor	37 %	402.000,-
Seniorsamling	Samarbeid 5 kom.	10.000
Aufera	37 %	235.000,-
Hog		50.000,-
Bergen kommune. Syns og audiopedagogiske tenester	Bergen kommune	56.000,-
Bergen og omland friluftsråd	Bergen kommune	47.000,-

Bergen kommune-Interkommunalt krisesenter	Bergen kommune	134.000,-
Brannvarslingssentral, Bergen(110)		104.000,-
Bergen kommune- Forvaltning av sivilforsvarsmateriell	Bergen kommune	31.000,-
Bergen kommune – Arbeidsgjevarkontroll	Bergen kommune	139.593,-
Bergen kommune – Innkjøpssamarbeid	Bergen kommune	110.000,-
Distriktsveterinærteneste	Lindås	25.000,-
Nordhordland digital		30.000,-
Sambandet Vest	Askøy	137.500,-
BKK	0,43 %	Ingen kostnad – Det vert utbetalt utbyte kvart år.
Nettverk for Petroleumskommunar(NPK)		100.000,-
Totale utgifter for Austrheim kommune		7.771.893


Austrheim brukte kr. 7.771.893 til deltaking i interkommunale tiltak og avtalesamarbeid med andre kommunar i 2016.



I Kulturdagane 2016 var det mellom anna Strikkekafe. Her er eit bilete av aktiviteten.

Driftsinntektene

Totalt har inntektene auka med 6,7 % i 2016 i forhold til året før. Dette er ein auke på ca. 16,2 millionar kroner. I 2015 var denne auken på 1,6 %, noko som utgjorde ca. 3,9 millionar kroner. På landsbasis har driftsinntektene auka med 6,4 % i 2016. Det er ein litt mindre auke i forhold til det Austrheim kommune har. Utviklinga i driftsinntektene dei siste 5 åra er vist grafisk nedanfor.



Ser vi nærare på dei ulike inntektspostane som utgjer driftsinntekter, ser vi at brukarbetalingar er omtrent på same nivå som i 2015.


Andre sals- og leigeinntekter er redusert med 1,5 %. Frå 2015 var det ein relativ bra auke i aktiviteten når det gjeld plan og areal arbeid. Denne aktiviteten er gått noko ned i 2016. Overføring med krav til motyting er redusert med 2,2 %. Rammetilskotet har auka kraftig med 8,7 % i forhold til førre år.

Andre statlege overføringar har auka med heile 65,2 %. Dette skuldast at vi har tatt imot fleire flyktningar i forhold til året før.

Skatt på inntekt og formue har også hatt ein stor auke med 6,9 %. Stor auke i skatteinntektene, har vore ein tendens over heile landet.

Skatteinntektene

Diagrammet under viser utviklinga i skatteinntektene, utan at inntektsutjamning er tatt med, akkumulert pr. månad i 2016 samanlikna med budsjett.



Når det gjeld eigedomsskatt, er det inga vesentleg endring i forhold til 2015.

Vi kan då konkludere med at hovudårsakene til den totale høge inntektsveksten i forhold til 2015, skuldast realtvt stor auke i skatteinntektene, rammetilskot og andre statlege overføringer.



Er det jubel over skatteinntektene? Rekrutteringa til Austrheim sitt A-lag er i orden. Bilete frå Austrheim-cup.


Økonomisk oversyn

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen (i heile tusen kroner)

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Avvik i % 2015-16
	2 012	2 013	2 014	2 015	2 016	
DRIFTSINNTEKTER						
Brukarbetalingar	12 297	12 407	13 036	13 175	13 148	-0,2
Andre sals- og leigeinntekter	13 436	14 213	14 607	16 345	16 095	-1,5
Overføringar med krav til motyting	39 919	41 005	37 238	36 479	35 678	-2,2
Rammetilskot	65 401	68 234	70 529	73 373	79 722	8,7
Andre statlege overføringar	1 511	2 073	6 480	8 200	13 550	65,2
Andre overføringar	3	0	100	100	0	-100,0
Skatt på inntekt og formue	81 797	84 311	84 590	82 871	88 559	6,9
Eigedomsskatt	11 354	12 608	12 608	12 585	12 585	0,0
Sum driftsinntekter	225 719	234 851	239 188	243 128	259 337	6,7
DRIFTSUTGIFTER						
Lønnsutgifter	129 593	134 323	145 416	149 254	150 130	0,6
Sosiale utgifter	32 612	36 244	38 994	40 278	40 159	-0,3
Lønn og sosiale kostnader	162 205	170 567	184 410	189 532	190 289	0,4
Kjøp av varer og t som inngår i t.produksjon	25 853	27 843	27 504	28 466	29 395	3,3
Kjøp av tenester som erstatter t.produksjon	9 315	9 298	11 635	11 353	11 955	5,3
Overføringar	16 427	13 598	15 637	12 970	13 786	6,3
Avskrivningar	10 507	11 003	12 084	11 992	13 814	15,2
Fordelte utgifter					- 124	
Sum driftsutgifter	224 307	232 310	251 270	254 313	259 116	1,9
Brutto driftsresultat	1 413	2 541	-12 082	-11 185	221	102,0
FINANINNTEKTER						
Renteinntekter og utbytte	5 787	5 367	5 283	2 816	2 641	-6,2
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-			
Mottatte avdrag på utlån	101	108	57	32	47	44,4
Sum eksterne finansinntekter	5 888	5 475	5 340	2 848	2 688	-5,6
FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter og låneomkostningar	5 085	4 689	5 067	4 555	4 172	-8,4
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-			
Avdrag på lån	8 068	8 864	7 312	6 882	7 887	14,6
Utlån	118	75	77	23	25	10,5
Sum eksterne finansutgifter	13 271	13 628	12 456	11 460	12 084	5,4
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-7 382	-8 154	-7 116	-8 612	- 9 396	9,1
Motpost avskrivningar	10 507	11 003	12 084	11 992	13 814	15,2
Netto driftsresultat	4 537	5 391	-7 114	-7 805	4 639	159,4
INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR						
Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk	-	5 895				
Bruk av disposisjonsfond	6 065	369	2 752	4 989		-100,0
Bruk av bundne fond	998	647	2 074	1 335	966	-27,6
	-	-	-			
Sum bruk av avsetningar	7 063	6 910	4 826	6 324	966	-84,7
Overført til investeringsregnskapet	4 562	4 934	50	122		- 100,0
Dekning av tidligere års regnsk.m. meirforbruk	-	-	-	5 140		
Avsatt til disposisjonsfond	134	5 904	12		-	
Avsatt til bundne fond	1 009	1 451	2 802	1 505	1 148	-23,7
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-			
Sum avsetningar	5 705	12 289	12 864	6 767	1 148	-83,0
Regnskapsmessig meir/mindreforbruk	5 895	12	-5 152	-8 248	4 457	154,0

Driftsutgiftene

På landsbasis har driftsutgiftene auka med 4,8 %. I Austrheim kommune har driftsutgiftene auka med 1,9 %. Det er ein auke på ca. 4,9 millionar kroner i forhold til førre år. Den lave auken i driftsutgiftene hor vore nødvendig for Austrheim Kommune for å få overskot i 2016. Samtidig syner utviklinga i driftsutgiftene at kommunen har styrt utgiftene på ein god og forsvarleg måte. Nedanfor er det sett opp eit diagram over driftsutgiftene dei siste 5 åra.



Lønn og sosiale utgifter

Lønn og sosiale utgifter utgjør ein betydeleg del av driftsutgiftene. I 2016 utgjorde lønn og sosiale kostnader 73,4 % av totale driftskostnader. Dette utgjør 190,3 millionar kroner av dei totale driftsutgiftene. Dette er ein nedgang i forhold til året før. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet og også ein del over dei kommunane som det er naturleg å samanlikne oss med.



Auka frå 2015 til 2016 er på 0,4 %. Administrasjonen har saman med fagforeiningane og avdelingsleiarne hatt stort fokus på løn og tilsetjingar. Dette har gitt gode resultat når det gjeld lønn og sosiale utgifter. Nedanfor er det sett inn diagram over lønn og sosiale utgifter dei siste åra. I tillegg er det sett opp lønn i prosent av totale driftsutgifter for Austrheim kommune og for heile landet. I åra framover må det vere ei klar målsetting å nærme seg dei kommunane som det er naturleg å samanlikne seg med.

Personalstatus

	Tilsette 2016	Årsverk 2016	Tilsette 2015	Årsverk 2015	Tilsette 2014	Årsverk 2014
Kvinner	270	207,24	273	204,76	274	213,2
Menn	49	42,34	58	49,74	57	42,69
Samla	319	249,58	331	254,5	331	255,89

Statistikken over årsverk, viser at det har vore ein nedgang i løpet av 2016 på 5 årsverk i heile kommunen.

Lønn og sosiale utgifter



Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har auka med 3,3 % i forhold til 2015. Betydelege postar under denne hovedgruppa er undervisningsmateriell, matvarer, transport, energi, avgifter, gebyr, lisensar, byggtjenester og vedlikehald.

Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen er auka med 5,3 % i forhold til førre år. Postar som inngår i denne gruppa er kjøp frå staten, fylkeskommunen, kommunar, andre og kjøp fra IKS.

Overføringar er auka med 6,3 % i forhold til 2015. Dette skuldast hovudsakeleg tilskot til livsopphald.

Avskrivningane har hatt ein betydeleg auke med 15,2 %. Dette skuldast at avskrivningane var for låge i 2015. Dette spelar inga rolle for sluttresultatet då avskrivningar vert trekt ut igjen før netto driftsresultat vert berekna.

Finanspostane

Resultat eksterne finanstransaksjonar har auka med 9,1 % i forhold til forrige år. Ein hovudgrunn er at det har vore ein auke når det gjeld avdrag.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat, 221 tusen kroner, seier noko om resultatet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er tatt med. I netto driftsresultat (4,639 mill.) er finanspostane med, medan avskrivningane er «nulla» ut.

Resultatmargin

Netto driftsresultat er eit mykje brukt måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. For 2014 rekneskapet blei måltallet endra frå 3 % til 1,75 %. Dette skuldast at frå 2014 blei momskompensasjonen frå investeringar ført i investeringsrekneskapen, mens denne inntekstposten tidlegare har vore ført i driftsrekneskapet. *Fylkesmannen si vurdering er likvel at ei målsetjing om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1,75 prosent vil vere positivt med sikte på å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.*

Når det gjeld Austrheim kommune sitt netto driftsresultat er det på ca 4,6 millionar kroner. I prosent utgjer dette ca. 1,8 %. Som ein kan sjå er dette i samsvar med målsetjinga.

Rekneskapsmessig resultat

Regnskapsmessig resultat er det som er igjen av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Det fortel om kommunestyret sin planlagte pengebruk og forventa inntekter (budsjett) og faktiske inntekter (regnskap). Driftsregnskapet for 2016 viser eit mindreforbruk på ca 4,5 millionar kroner. I 2015 var det et meirforbruk på nærare 8,3 millionar kroner.



Karneval i Austrheimhallen.

Rekneskapsmessig resultat på ansvarsområda

Rammeområde				Justert		Budsjett	Endring
	Rekneskap 2 013	Rekneskap 2 014	Rekneskap 2 015	Budsjett 2 016	Regnskap 2 016	avvik i %	Rekneskap 2015-2016
100 Rådmann	15 951	16 794	16 510	17 308	17 734	-2,5	-7,4
101 Politisk styring og kontrollorgan	3 061	2 971	3 231	3 455	3 150	8,8	2,5
190 Interne serviceeiningar til fordeling	3 780	4 530	4 262	4 554	3 671	19,4	13,9
200 Administrasjon undervisning	1 083	1 196	2 266	2 658	2 226	16,3	1,8
201 PPT og barnevern	8 440	10 093	10 897	7 277	7 720	-6,1	29,2
210 Årås skule	20 676	22 225	22 582	22 781	22 534	1,1	0,2
211 Kaland skule	12 067	12 830	13 353	13 836	12 820	7,3	4,0
220 Austrheim kystbarnehage	10 384	12 753	12 682	12 900	12 977	-0,6	-2,3
221 Kaland barnehage	7 419	8 679	8 151	9 188	8 549	7,0	-4,9
250 Musikk- og kulturskule	1 333	1 477	1 536	1 722	1 615	6,2	-5,1
251 Bibliotek	1 267	1 428	1 336	1 537	1 404	8,7	-5,1
255 Anna kultur	2 042	2 292	2 067	2 356	2 449	-3,9	-18,5
290 Undervisning og arbeidssenter	1 836	1 815	1 561	1 078	1 441	-33,7	7,7
300 Administrasjon helse og sosial	452	498	669	577	552	4,3	17,5
301 Helsetjeneste	6 028	7 325	6 807	11 086	10 917	1,5	-60,4
302 Sosiale tjenester	2 381	2 722	6 213	7 987	8 737	-9,4	-40,6
330 Nordliheimen	20 551	21 989	20 626	21 596	20 915	3,2	-1,4
331 Kjøkken Nordliheimen	3 360	3 588	3 419	3 660	3 428	6,3	-0,3
332 Heimetjenester I	8 894	9 930	9 740	10 548	10 380	1,6	-6,6
333 Heimetjenester II	7 559	7 281	8 124	7 815	8 847	-13,2	-8,9
500 Plan,byggesak,miljø	1 923	2 383	1 325	1 891	1 982	-4,8	-49,6
501 Interkomm.landbruk/veterinær	547	668	757	725	479	33,	36,7
600 Administrasjon teknisk	-384	-1 339	-994	-1 839	-573	-68,8	-42,4
604 Eigedomsavdeling (Bygg,maskiner,utstyr)	8 946	9 005	8 595	8 388	7 981	4,9	7,1
605 Reinholdsavdeling	4 931	5 481	5 417	5 670	5 764	-1,7	-6,4
TOTALT	154 527	168 614	171 132	178 754	177 699	0,6	-3,8

Avvik i forhold til justert budsjett 2016

Samla resultat på ansvarsområda i høve budsjett var positivt med 0,6 %. Dette vil sei eit totalt overskot på driftsområda i forhold til justert budsjett med nærare 1,1 millionar kroner. Samla resultat på driftsområdet er 0,6 % betre enn budsjett.

Område med vesentlege negative avvik i prosent i forhold til budsjett er avdeling 201 PPT og barnevern. Her er det et negativt avvik i forhold til budsjett på 443 tusen kroner. Avviket skuldast bl.a konsulenttenester og tenestekjøp frå statlege institusjonar.

Avdeling 290 Undervisning og arbeidsenter, har ei overskriding på 363 tusen kroner. I hovudsak gjeld dette løn og sosiale utgifter. Avdelinga ble noko underbudsjettet i 2016 på personalområdet.

Avdeling 302 Sosiale tenester har ein overskriding på 750 tusen kroner. Dette skuldast inventar, utstyr, konsulenttenester og tilskot til livsopphald. Tilskot til livsopphold utgjer det største negative avviket.

Avdeling 333 Heimetenester II har eit negativt avvik på litt over ein million kroner. Det skuldast et vesentleg negativt avvik når det gjeld ressurskrevande pasientar. Vi fekk langt under det som var budsjettet som statstilskot. I tillegg har avdelinga noe overkriding når det gjeld løn og personal.

Avdeling 600, Teknisk administrasjon har ei stor overskriding på nesten 1,3 millioner kr. i forhold til budsjett. Dette skuldast bl.a avvik når det gjeld teknisk vedlikehald, service driftsavtaler og konsulenttenester. Inntekter på tilknytningsavgift er også en del lågare enn det som er budsjettet.

Som det går fram av tabellen ovanfor, er det nokre avdelingar som har overskot, dei vert ikkje kommentert her.

Investeringsregnskapet

Dei totale investeringane i anleggsmidlar var ca. 24,1 mill kr. i 2016.

Dei største investeringane er oppgradering Årås skule, Kaland skule, Kaland barnehage, kjøp av fast eigedom, Kystbarnehagen og tilkomstveg og parkering Austrheim idrettspark.

Investeringane er finansiert med bruk av lån på ca.15,1 millionar kroner. Låneopptaket i 2016 har vore på ca 10,1 millionar kroner. Resten på 5 mill er mellom anna finansiert med mva-kompensasjon og sal av anleggsmidlar. Unyttta lånemidlar er redusert med 5 millioner kroner til 2,2 millioner kroner.

Balanserekneskapet

Totalkapitalen er auka med kr. 10,6 mill. kr. I prosent er det 1,3.

Anleggsmidlar består av faste eigedommar, utlån, interne langsiktige fordringar, aksjar, andelar og pensjonsmidlar.

Anleggsmidlane har auka med 14,6 millionar kroner. Dette er 2 % auke i forhold til førre år. Auken skuldast bl.a investeringer i skular og barnehager. Pensjonsmidlane har også auka.

Omløpsmidlane består av kortsiktige fordringar, konserninterne kortsiktige fordringar, premieavvik og bankinnskot. Omløpsmidlane er blitt redusert med ca. 4 millionar kroner. Dette er ein nedgang på 6,4 %. Dette skuldast i hovudsak nedgang i bankinnskot, mens noko gjeld premieavvik.

Eigenkapitalen er redusert med ca. 5,6 millionar kr. i forhold til førre år.

Langsiktig gjeld består av pensjonsforpliktingar og andre lån (Husbanken og Kommunalbanken). Langsiktig gjeld er auka med 17,1 mill. Dette er ein auke på 2,9 %. Auken i langsiktig gjeld skuldast pensjonsforpliktingar. Når det gjeld andre lån, er det i 2016 tatt opp lån i Husbanken på ca 2,4 millioner kr. I Kommunalbanken er det tatt opp lån på ca. kr. 7,7 millionar kroner. Som det går fram av driftsrekneskapet, er avdraget på lånegjeld i 2016 på kr. 7,9 millionar kroner.

Kortsiktig gjeld er redusert med kr. 845 000 kroner Det er ein reduksjon på 1,9 %. Kortsiktig gjeld består av anna kortsiktig gjeld (avsette feriepengar, arbeidsgjevaravgift feriepengar, moms og diverse utgifter), konsernintern kortsiktig gjeld (forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, lønn og leverandørgjeld) og premieavvik.

Økonomi samanlikna med landet

Økonomiske nøkkeltall fra Austrheim samanlikna med landsgjennomsnittet					
	Austrheim	Austrheim	Austrheim	Austrheim	Landet
	2013	2014	2015	2016	2016
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	221,8	230,7	246,2	236,8	200,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	9,1	2,4	2,4	0,7	16,5
Frie inntekter i kroner per innbygger	53 846	54 313	54 669	58 350	53 159

I langsiktig gjeld inngår både vanleg lånegjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingar utgjer ca. 57,8 % av den langsiktige gjelda. Nivået på pensjonsforpliktingane er berekna etter statelege reglar.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til riktig tid.

Frie disponible inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene.

Netto lånegjeld, som er renteberekna, er redusert noko fra året før.



I ein kystkommune må ein av og til hoppe i det.

KOSTRA-samanlikningar

Nedanfor er det sett opp statistikkar for netto driftsutgifter for ulike tenester i prosent av totale netto driftsutgifter. Desse vert og vist frå dei siste åra og er samanlikna med resten av landet.

Tabellane er henta fra heimesida til Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Når det gjeld netto driftsutgifter pr. brukar målt i prosent av totale netto driftsutgifter, for dei ulike tenestene, er dei største endringane frå 2015 til 2016 fylgjande:

- Helse og omsorg er auka frå 32,5 til 33,4.
- Sosialteneste har auka frå 3,9 til 5,1.
- Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø har auka frå 1,2 til 1,9.
- Næring er redusert frå 1,9 til 0,9.

Netto driftsutgifter for ulike tenester, målt i % av netto driftsutgifter	Austrheim 2012	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Austrheim 2015	Austrheim 2016	Landet 2016
Administrasjon og styring	10,7	10,2	9,7	9,5	8,6	7,3
Barnehage	12,6	12,5	15	14,2	14,5	14,7
Grunnskoleopplæring	24,1	24,1	23,9	24,1	23,9	23,7
Helse og omsorg	37,8	36,1	36,1	32,5	33,4	34,7
Sosialteneste	1,6	1,7	2,8	3,9	5,1	6,2
Barnevern	2,1	2,6	3,1	3,4	3,3	3,4
Vann, avløp,renovasjon/avfall	-0,6	-0,9	-0,9	-1,2	-1,1	-0,5
Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,9	1,7	1,7	1,2	1,9	1,1
Kultur	5,2	4,9	5,6	4,9	4,9	3,9
Kyrkje	1,9	1,9	1,9	2,1	2	1,1
Samferdsle	2,7	1,7	2	1,9	1,8	1,5
Bustad	-0,2	-0,3	0,1	-0,1	-0,3	0,2
Næring	1,7	1,7	1,5	1,9	0,9	0,1
Brann og ulykkesvern	1,7	1,4	1,2	1,9	1,8	1,4



Politikarar på besøk i Ungdomsklubben. Politisk diskusjon før den rådgjevande folkerøystinga. Austrheim hadde 16 år som røystealder i denne avstemminga.

Sjukefråvære

Sjukefråvær i perioden 4. kvartal 2015 til 3. kvartal 2016:

	Austrheim	Kommunar
Samla sjukefråvær	8,24	9,84
Legemeldt sjukefråvær	7,48	8,52
Eigenmeldt sjukefråvær	0,76	1,32
I arbeidsgjevarperioden	3,54	4,18
Utanfor arbeidsgjevarperioden	4,7	5,66
Sjukefråvær kvinner	9,35	10,95
Sjukefråvær menn	2,26	5,96
Heiltidstilsette	8,31	9,42
Deltidstilsette	8,18	10,55
Sjukefråvær undervisningsp.	3,35	8,14
Turnuspersonell	10,45	11,99
Andre	8,81	9,38
Administrasjon	8,18	7,44
Undervisning	3,18	8,38
Barnehagar	13,46	12,29
Helse/pleie/omsorg	9,75	11,21

Sjukefråveret vårt har auka frå 7,21% til 8,24%. I kommunesektoren på landsbasis har det vore ein nedgang frå 9,93% til 9,84%. I sektor administrasjon og barnehage ligg vi over snittet i kommunenorge.

HMT

Austrheim kommune har kjøpt bedriftshelsetenester frå Salutis HMS AS for kr. 163 557,-. Tiltak i 2016 har vore organisasjonsutvikling, helsetestar for røykdykkarar, kurs i forflytningsteknikk i pleie og omsorg, ergonomiske kartleggingar, arbeidsplassvurderingar, dialogmøte, kurs om truslar og vold, førstehjelpskurs, innklimamålingar.

AMU - Arbeidsmiljøutvalet

Det har vore 5 møte i AMU med mellom anna desse sakene:

- Handlingsplanar for arbeidsmiljø for alle avdelingane
- Fordeling av AMU-midlar
- Reglement for bilgodtgjersle for kommunalt tilsette
- Nye retningslinjer for seniorpolitikk
- Frikjøp av hovudvernombod
- Ombygging av kontor på kommunehuset
- Rehabilitering og ombygging ved Kaland barne- og ungdomsskule

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har handsama mellom anna desse sakene

- Reglement for bilgodtgjersle for kommunalt tilsette
- Orientering om vidareutdanning for lærarane
- Nye retningslinjer for seniorpolitikk

Kompetanse

Strategisk kompetanseplan for 2015-2020 vart vedteken på kommunestyre i mars 2015. Planen vert retningsgjevande for kompetansetiltak framover.

Tilsette som har tatt utdanning i 2016:

- Kvalifisering av pleiemedhjelparar til helsefagarbeidarfaget. 12 personar har tatt teoridel. Dei samlar 8700 timar for å gå opp til fagprøve
 - Vidareutdanning innafor vold og traumatiske lidingar. Ein person
 - Fagskule i psykisk helsearbeid. To personar
 - Stomisjukepleiar med 60 stp. Ein person
 - Innovasjon i offentleg sektor med 30 stp. Ein person
 - Master i leiing. Tre personar. Dette er ei treårig utdanning
 - Ein tilsett som går praktisk-pedagogisk lærarutdanning
 - Morsmållærar som tok vidareutdanning
 - Barnehagelærar. Desentralisert utdanning over 4 år. Ein person
- Samla har 21 personar gjennomført ulike utdanningsløp i 2016. Dette er viktig kompetanseauke.

- Vi har lærlingar i fag som helsefagarbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi fekk 3 nye fagarbeidarar i 2016: 2 i helsefag og ein barne- og ungdomsarbeidar

Det er ei målsetjing å tilby tilsette stønad til diverse kompetansetiltak som gjev dei styrka fagkompetanse i jobben. Austrheim kommune arbeider målbevisst med å oppnå stønad til kompetansetiltak frå statlege og fylkeskommunale ordningar. Dette krev ein eigendel frå kommunen som ein bør satsa på å prioritera også framover.

Samarbeid med tillitsvalde

Rådmannen har møte 1 gang i månaden med hovudtillitsvalde for organisasjonane. Saker som har vore gjennomgått der har vore mellom anna:

- Status kommunesamanslåing og eigenvurdering
- Revidering av seniorpolitikk
- Revidering av organisasjonsplan
- Budsjett/økonomiplan
- Økonomioppfølging
- Tariff 2016
- Nytt inntektssystem for kommunane

Rådmannen ser dette som ein viktig arena for å ha dialog med organisasjonane. På avdelingsnivå har avdelingsleiarane møte med sine plasstillitsvalde.

Diskriminering og likestilling

Austrheim kommune har som mål å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Austrheim kommune har

- Retningslinjer for uønska deltid
- Retningslinjer for seniorpolitikk
- Statistikk over lønn kvinner/menn
- Statistikk over sjukefråvære kvinner/menn
- Tilsett ein del framandspråklege i fleire avdelingar
- Retningslinjer for lærlingar
- Retningslinjer for gravide arbeidstakarar
- Bygd opp organisasjonen som ei IA-verksemd.

Etikk

Austrheim kommune har retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarar. I føremålet i desse retningslinjene står det:

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Austrheim kommune.

Rådmannen ser det som viktig å fokusera på dette føremålet i all kommunal verksemd.



Verdas aktivitetsdag 2016. Fysioterapeuten driv oppvarming av deltakarane før start.

Oppvekst

Dette ansvarsområdet omfattar: Skular (1-10): Kaland barne- og ungdomsskule, Årås skule, Barnehagar: Austrheim kystbarnehage, Kaland barnehage , PPT , Barnevern og vaksenopplæinga: Vaksne norske elevar, vaksne minoritetsspråklege elevar.

Eit overordna mål for dette ansvarsområdet, er å skape god ressursutnytting, og gode tilbod gjennom tverrfaglege samarbeidsordningar.

Skular

Visjon skulane i Austrheim kommune:

Skulane skal vere: Ein god stad å vere, ein god stad å lære!

Det vert satsa langsiktig på kunnskapsbaserte utviklingstiltak i samsvar med kommunen si utviklingsmelding.

Skulane vektlegg fokus på læringstrykk, som vil seie at alle elevar skal få høve til å utvikle seg sosialt og fagleg i høve til sine føresetnader. Det omfattar også det førebuingarbeidet som elevane må gjere heime kvar dag. For å få til en god samanheng mellom tida på skulen og heime, er det viktig at elevane arbeider med lekser. Det er ein viktig arena for informasjon om kva vi arbeider med til dagen, og kvaliteten på det ein kan gjennomføre i løpet av ein skuledag.

Gjennom fleire år har skulane arbeidd etter grunntankane i prosjektet PALS , som vil seie ei satsing på :Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Konkret handlar det om korleis alle som er partar i skulekvardagen gjer sitt for at skulen skal vere ein god stad å lære og ein god stad å vere. PALS gir skulane gode verkty i arbeidet mot mobbing . Ei vidareføring av dette prosjektet er arbeidet med elevar som av ulike grunnar får store utfordringar i skulen.

Begge skulane har deltatt i Utdanningsdirektoratet si satsing “Ungdomstrinn i utvikling” i prosjektperioden 2013-2015. Arbeidet vert vidareført på skulane med ei systematisk satsing på klasseleiing og fokus på kvalitet i lese- og skriveopplæringa. Prosjektet inkluderer heile det pedagogiske personalet på skulane.

Frå hausten 2015 fram til dags dato har skulane delteke i Utdanningsdirektoratet si satsing på «Vurdering for læring». Satsinga har fokus på at elevane skal vite kva dei skal lære, kvifor deg skal lære og korleis arbeidet vert vurdert. Elevmedverknad i vurderingsarbeidet er ein viktig del av dette arbeidet. Prosjektet inkluderer heile det pedagogiske personalet på skulane.

Realfag er eit satsingsområde gjennom eit fast formalisert samarbeid med Austrheim vidaregåande skule og Statoil Mongstad. Skulane deltek også i realfagsprosjekt som Lektor 2 og Den naturlege skulesekken.

Begge skulane utviklar seg etter prinsippa for lærande organisasjonar.

Vidareutdanning:

Ein tilsett som tek praktisk-pedagogisk lærarutdanning.

Ein morsmåslærar som tek vidareutdanning ved HiB og HiH.

Slik arbeider skulane med å dokumentere resultat i høve til elevane sitt læringsmiljø:

- ✓ Dokumentasjon frå skulen som utgangspunkt for utviklingssamtalar.
- ✓ Tilbakemelding frå elevar gjennom elevsamtalar og klassemøte.
- ✓ Tilbakemelding frå elevar og føresette på utviklingssamtalar og andre møtepunkt.
- ✓ Årlege nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn, 8. trinn og lesing og rekning på 9.trinn i regi av Utdanningsdirektoratet.
- ✓ Elevundersøkinga på 7.trinn og 10.trinn, som m.a. gir tilbakemelding på trivsel, mobbing, og lærarane sin vurderingspraksis i regi av Utdanningsdirektoratet.
- ✓ Eksamensresultat, sluttvurdering i 10.klasse, og grunnskulepoeng for avgangselevane.

Resultat og tilbakemeldingar vert drøfta kontinuerleg på kvar skule, og lagt til grunn for refleksjon over praksis, strategi for utvikling og endring av praksis. Resultata vert gjennomgått i skulesektoren sin årlege tilstandsrapport, som vert lagt fram for kommunestyret.

Kaland barne- og ungdomsskule



Kaland skule og Kaland barnehage er sin stor bygningsmasse. I 2016 held ein på med å renovere skulen.

- Arbeid med nye læreplanar og fordjuping i faga
- Systematisk oppfølging av ferdighetar på alle fag og på alle trinn. Tidleg innsats finne gode innlæringsstrategiar for den einskilde eleven.
- Trivselsprogrammet - har utdanna elevar til aktivitetsleiarar i friminuttane.
- Vurdering for læring – har eit samarbeid med Årås skule. Målark og kriterium skal på plass
- PALS – arbeider med re-innlæring og brukar Modul 2
- Trygg på scenen – munnleg kompetanse - skulen sin årlege bygdekveld.
- Utvikle bruken av den digitale læringsplattforma It's Learning på alle årstrinna, samt utvikla digital kompetanse med skjermar i alle klasserom

- Tiltak for å betre arbeidsmiljøet i personalet.
- Heilårs skulefritidsordning (SFO). Her tar ein også i mot SFO-barn frå Årås i skuleferiane.

Tilsette Kaland barne- og ungdomsskule:

- 18 lærarårsverk fordelte på 20(21) lærarar, 1 (2) ufaglærte. (Tala i parentes er frå 1.august 2016)
- Adm: 80%+50% fordelt på rektor og inspektør
- Rådgjevar 20% av lærarstilling
- 50% kontorfullmektig.
- Assistentar: 4,8 årsverk fordelt på 5 tilsette i skulen og SFO.
- SFO-leiar 20 % administrasjonsressurs.
- 1 vaktmeister og 3 reinhaldarar. (Vaktmeister på prosjekt frå haust 2017, er blitt ein ringevaktmeister) Desse er tilsett i teknisk drift.

Årås skule



2016 var første året med nyrenovert Årås skule. Renoveringa vart offisielt markert i desember 2015 med snorklipping av ordførar og elevrådsleiar.

Årås skule sine satsingsområde i perioden 2014-2017

- **Skule- heim samarbeid** - "Saman om ein god skule", med deltakande foreldre.
- **Læringsmiljø i sentrum** - Trygt læringsmiljø gjennom god klasseleiing, og rettleiande vurderingspraksis.
 PALS – forventningar til positiv framferd
 Skulen deltar i trivselsprogrammet, med elevar som er utdanna som aktivitetsleiarar i friminuttane. Fellesskap og gode opplevingar gjennom faste samlingar for heile skulen.

- **Betre læring**

Elevdeltaking, SOL (systematisk observasjon av lesing på alle trinn), og arbeide systematisk med lesing i alle fag. Utvikle klasseleiingskompetanse gjennom kollegarettleing, og utvikle gode vurderingsrutinar (Vurdering for læring).

Kollegarettleing med fokus på klasseleiing

Prosjektet *Two Teachers*, eit forskingsprosjekt som går over fire år som vart starta opp hausten 2016. Det skal forskast på kva læringseffekt det er av å ha to pedagogar i norskfaget som ein del av satsinga på tidleg innsats.

Byggje opp kompetanse i fellesskap (skulebasert kompetanseutvikling) innafor satsingsområda

Den naturlege skulesekken – eit satsingsfelt i regi av Utdanningsdirektoratet, som har som mål å utvikle medvit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hjå elevar og lærarar.

- **Betre resultat** - Utvikle gode dokumenteringsrutinar og god analysekompetanse hjå lærarane gjennom bruk av analyseverktøya PULS og VOKAL. VOKAL gir tilbakemelding om korleis elevane meistrar, heilt ned til individnivå. Bruke elevundersøkinga til utviklingsarbeid.
- **Omsetje** resultatforståinga til praksis i klasserommet.

Tilsette Årås skule:

- 26 lærarårsverk fordelt på 30 lærarar (27 kvinner og 3 menn)
- Assistentar: 8 årsverk fordelt på 11 tilsette – 2 årsverk av desse er knytt til SFO
- 180 % administrasjonsressurs fordelt på rektor og inspektør.
- 83% kontorfullmektig
- 2 reinhaldarar (to årsverk), tilsett i teknisk drift
- Vaktmeister 35%, tilsett i teknisk drift

Spesialundervisning

I dag får 12 % av elevane i grunnskulen i Austrheim spesialundervisning. Det er sett i gang eit tverrfagleg arbeid for at fleire elevar kan få tilpassa opplæring innafor dei rammene skulen disponerer. Målet er å redusere talet på elevar med spesialundervisning - ned mot 6-7% av elevane i første omgang.

PPT skal arbeide meir systemretta saman med barnehagane og skulane, og slik dra nytte av å sjå samanhengar i opplæringsløpet som kan kome barna til nytte. Målet er at PPT får kome tidleg inn med rådgjeving i høve tiltaksvurdering og organisering, og bidra til eit godt utviklingsarbeid både i barnehagane og i skulane.

Permisjonsreglementet

Det er ei utfordring for kvaliteten på opplæringa både for einskildelevar og klassar at føresette søker sine barn fri utanom skuleferier. For den/dei det gjeld erfarer skulen at det er eit reelt tap av læringsutbytte både i forkant og etterkant av reisa.

Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilsyns- og omsorgstilbod for barn på 1 - 4. trinn før og etter skuletid. Det er etablert slik ordning ved begge skulane i skuleåret. Tilbod ut over skuleåret (feriane) er lagt til Kaland barne- og ungdomsskule, som eit felles tilbod for begge skulekrinsane.

Skulebygningane

Årås skule vart rehabilitert utvendig 2016 med nytt tak, ventilasjonsanlegg, nye dører og vindauge. Kaland barne- og ungdomsskule er i gang med rehabilitering av skulebygningar og basseng. Flott satsing på skule.

Barnehagar

Gode pedagogiske barnehagar- også med fokus på kompetanseauke

Barnehagane i Austrheim har dei siste åra lege relativt stabilt når det gjeld talet på antal born. Litt svingingar har det vore, noko som gjenspeiler fødselstal og tilflytting i kommunen.

Kommunen gjennomfører redusert foreldrebetaling for husstandar med låg inntekt slik det vart innført i 2015. Ingen skal betale meir enn 6% av husstanden si skattbare inntekt for ein barnehageplass. Regjeringa gjorde også vedtak om gratis kjernetid for familiar med låg inntekt. Denne ordninga vart innført med verknad f.o.m. 01.08.2015. Ordninga gjeld for 3, 4- og 5 åringar, og barn med utsett skulestart. Kjernetid er definert som tida mellom kl. 10.00 og 14.00, så for ein full barnehageplass (5 dagar pr. veke) blir den samla kjernetida 20 timar. Med verknad frå 01.08.2015 vart denne ordninga gjort gjeldande for husstandar med skattbar inntekt lågare enn kr. 405 000.

Hovudsatsingsområde for tidleg innsats i begge barnehagane: Språk, kommunikasjon, sosiale ferdigheiter (vennskap, mobbing, etc.) og "De utrolige årene" (DUÅ). Det siste handlar om å gi vaksne god kompetanse i å kommunisere med barna, og det å skape høg kvalitet på relasjonar mellom vaksne og barn. Barna får også auka sosial kompetanse og auka respekt for kvarandre som individ. Begge barnehagane ser god effekt av DUÅ.

I 2015 starta begge barnehagane opp med "Dinosauruskulen". Målet med Dinosauruskulen er kort fortalt å styrkje barna sin sosiale og emosjonelle kompetanse, og å styrkje barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring. Dei øver på å forstå følelsar hjå seg sjølv og andre, ta andre sine perspektiv, bli betre til problemløysing og konfliktløysing, bli betre på sjølvregulering og sjølvkontroll.

Ein ser den gode effekten av DUÅ m.a. på følgjande måtar:

- samkjørt og trygg vaksenkontakt med barna
- mindre åtferdsvanskar
- ein roleg atmosfære i barnehagen
- mindre mobberelatert åtferd

I begge barnehagane ser ein behov for kursing og vidareutdanning for å kunne vera oppdaterte innan DUÅ/Dinosauruskulen og innan andre områder. Difor har ein prioriterte dette om ein har funne midlar til eksterne kurs/utdanningar, og barnehagane har eit bevist forhold å ha tydleg fagleg innhald på personalmøter.

Talet på minoritetsspråklege barn er aukande. Dette kjem av arbeidsinnvandring, familiegjenforeining og at kommunen har tatt imot flyktningar dei to siste åra.

Det ser ut for at den totale barnehagekapasiteten i kommunen er god nok førebels. Både Kaland barnehage og Austrheim kystbarnehage har litt å gå på i 2016.

Kaland barnehage har, p.g.a. bygningsmessig kapasitet, stabilisert kapasiteten på godkjent kapasitet, som er 72 barn. Plangruppa for ny barnehage på Kaland har arbeid godt i 2016, og ein fekk i starten av 2017 positivt vedtak i kommunestyre om at det skal byggjast ny barnehage som erstatning for den gamle.

Austrheim kystbarnehage:

Austrheim Kystbarnehage har totalt kapasitet til 144 plassar. Desember 2016 hadde Kystbarnehagen 95 barn fordelt på 124 plassar.

Tilsette pr. des. 2016: Totalt 26,8 årsverk fordelt på 33 tilsette. Tal pedagogar: 11. Administrasjon: 2

Kaland barnehage:

Denne barnehagen har i utgangspunktet kapasitet til 94 plassar. Pr. desember 2016 hadde Kaland barnehage 63 born fordelt på 78 plassar. Frå januar 2017 vert talet born auka til 69 og tal plassar til 88. Det vert ingen auke i personalressurs.

Tilsette: 20,6 årsverk fordelt på 23 tilsette. Tal pedagogar: 7, medrekna spesialpedagogstilling
Administrasjon: 1,4 årsverk.

PPT

Tenesta er bemanna med logoped 100%, PP-rådgjevar 80% og Fagleg leiar/PP-rådgjevar 100%.

Fedje kommune har avtale om kjøp av tenester frå Austrheim PPT tilsvarande 100 timar pr. år.

Lindås kommune kjøper tenester frå Austrheim PPT for elevar frå Lindås som går på Kaland barne- og ungdomsskule. Det er i hovudsak skulane som melder inn saker til PPT, men det kjem også ein del frå barnehagane. Ikkje alle sakene endar med sakkunnig tilråding om behov for spesialundervisning i skulane/spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, men mange gjer det.

Arbeidet som no vert gjort i heile oppvekstlinja med tanke på tidleg innsats, skal gjere behovet for å melde opp elevar til PPT mindre. Dette systemarbeidet, knytt til å endre fokus frå enkeltvedtak om spesialundervisning til tiltaksplanar innafør skulen sitt normale tilbod, skal få ned volumet på spesialundervisning i skulen. Dette arbeidet er forankra i skulane og PPT si deltaking i felles kompetanseutvikling i Vurdering for læring som kom i gang f.o.m. hausten 2015.

Aktivitet i 2016

PPT prioriterer arbeid med enkeltsaker og fylgjer desse opp ved å delta på samarbeidsmøter, ansvarsgrupper og rettleiing. Det var i 2016 ein svak nedgang i forhold til tilvisingar på enkeltelevar i Austrheim.

PPT har også fått tilvising på systemsaker frå skulane. Døme på dette kan vere faktorar i læringsmiljøet. Då har PPT utført observasjon i klassar som opplever ulike utfordringar, og PPT er ein samarbeidspartnar i arbeidet med å vurdere ulike faktorar som den enkelte lærar eller skuleleiar kan ha relativ stor innflytelse på.

Det er for tida ei nasjonal satsing i forhold til eit fagleg løft av PPT. Den politiske målsettinga er å heve systemkompetansen i PPT. I 2016 har fagleiar i Austrheim PPT fullført leiarutdanning ved NTNU for PP-leiarar.

Alle tilsette i PPT Austrheim deltok i 2016 på etterutdanning som er betalt av midlar frå Fylkesmannen. Dette var ei kursrekke over 3 dagar våren 2016, der hovudtema var «Organisasjonsutvikling og endringsarbeid».

PPT og Barnevern i Austrheim har sidan 2011 vore i eit samarbeid med barnehagane i kommunen, der ein driv kompetanseutvikling og førebyggjande arbeid gjennom prosjektet De Utrolige Årene (DUÅ). Dette programmet er no ferdig implementert i barnehagane i Austrheim. PPT har drive kompetanseutvikling og rettleiing inn mot barnehagane i forhold til DUÅ, Dinosaurskulen og andre aktuelle tema. Dette arbeidet er retta mot heile personalgruppa, avdelingsvis, eller knytt opp mot enkelt saker. Logoped har deltatt i språkgrupper i barnehagane og har også drive med kurs i norsk med teiknstøtte (NMT).

4 gonger i året er PPT med i nettverk saman med andre PPT- kontor og Statped Vest. Ein drøftar system – og individualsaker på desse møta. Fagleiar i PPT har også deltatt på jamlege møter med styrarane i barnehagane og kommunalsjef for oppvekst.

I Austrheim er til dømes DUÅ til barnehagetilsette , Dinosaurskulen (DUÅ) for førskuleborna og PALS døme på systemretta arbeid som PPT deltek i. PPT er også delaktig i felles prosjekt for grunnskulane i Austrheim « Vurdering for læring».

Samarbeid med andre:

Administrasjon i kommunen, skulane, barnehagar, vaksenopplæring er nære samarbeidspartnarar og interessentar for PPT. PPT samarbeider også med 1. linjetenester i kommunen, knytt til helse, barnevern og NAV. Vidare med Statped (spesialpedagogisk støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar), HABU (Habiliteringsseksjonen for barn og unge, med ansvar for å tilby spesialisthelsetenester til barn og unge i alderen 0 – 18 år, BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)

Framtidsplanar

PPT ynskjer å delta i arbeidet med å lage gode samarbeidsarenaer og system knytt til tidleg innsats på skulane og i barnehagane.

Eit viktig arbeid frametter er å arbeide vidare med kvalitetskriteriene for PPT, som er utarbeidd av UDIR. PPT har i samråd med leiar for skulane og leiar for barnehagane utarbeidd ein plan for samarbeid mellom PPT og skulane/barnehagane. I faste, planlagde møter vil ein frametter jobbe med dei fire kriteriane som skal sikre kvalitet i PP tenesta:

- PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste
- PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng
- PP-tenesta arbeider førebyggjande
- PP-tenesta bidreg til tidleg innsats

Vaksenopplæringa (VO)

Vaksenopplæring- norske elevar

Det er 3 personar som har tildelt timar til vaksenopplæring. Til sa man er det nytta ca. 73% stilling til dette føremålet. Brukarane av tenestene får eit personleg tilpassa undervisningstilbod. Ein viktig, men høvesvis liten del av dette tilbodet er logopedtilbod til afasi-/slag-pasientar.

Vaksenopplæring- minoritetsspråklege elevar

Ved utgangen av 2016 hadde vi 2,4 årsverk til norskundervisning av voksne minoritetsspråklege elevar inkl. 10% stilling til administrasjon (koordinator for VO). Vi har godt kvalifiserte lærarar i alle stillinga no. Alle stillingane som gjeld undervisning av elevar med rett og plikt til norskopplæring skal verte dekkja gjennom statlege tilskot .

Sidan 01.01.2015 vert det ikkje gitt tilbod om norskopplæring for arbeidsinnvandrarar på kveldstid. Det var eit tilbod som vi vart for kostnadskrevjande for Austrheim kommune å tilby.

Innhald i vaksenopplæringa for minoritetsspråklege elevar:

- Norskopplæring for voksne minoritetsspråklege elevar
- Introduksjonskurs for flyktningane som Austrheim kommune tar imot
- Gjere flyktningane kjende med korleis det norske samfunnet fungerer nasjonalt og lokalt- med særleg vekt på utdanning, det å bu, yrke og arbeidsliv
- Språkarbeidsplassar for flyktningar
- Arbeidslivsnorsk
- Oppfølging av elevane i og verksemdene som tilbyr språkarbeidsplassar

I tillegg til dette, har vi i 2016 gitt undervisning (50 timar) i samfunnskunnskap som fjernundervisning hjå . Vi har også kjøpt grunnskuleutdanning for voksne minoritetsspråklege elevar gitt i Lindås kommune. Førebels er elevtalet som treng dette tilbodet for lågt i Austrheim kommune til at vi kan gi denne undervisninga her i kommunen.

I 2015 starta vi opp eit prosjekt med statleg tilskot, som gjekk på bruk IKT- særleg retta inn mot innvandrarkvinner. Prosjektet vart avslutta våren 2016, men er no ein naturleg del av norskopplæringa.

Målsetjing framover:

Flyktningar mellom 18 og 55 år som kjem til Austrheim kommune er omfatta introduksjonsloven, som set krav om rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet. Programmet skal starte innan tre månader etter busetjing, og kan vare i inntil to år. Det skal inneha lde norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur til vida re opplæring eller tilknytning til arbeidslivet.

Avdelinga er bemanna med god kompetanse for norskopplæring og introduksjonskurs, og er godt rusta til å ta i mot eit tal fleire minoritetsspråklege elevar.

Ved utgangen av 2016 var fordelinga av elevane slik i gruppene:

- 4stk spor 3
- 5stk spor 2
- 9stk spor 1

Målsetjing framover:

Flyktningar mellom 18 og 55 år som kjem til Austrheim kommune er omfatta av introduksjonsloven, som set krav om rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet. Programmet skal starte innan

tre månader etter busetjing, og kan vare i inntil to år. Det skal innehalde norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebud til vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet.


Målet for VO er at kvar deltakar skal få opplæring ut frå egne føresetnader og behov, og at dei når måla i norsk, som relevante/oppnåelege for dei innan kortast mulig tid. Vidare gjera dei klare for arbeidsliv/vidare utdanning innan 2 år når introduksjonsprogrammet er ferdig.

Barnevern

Barneverntenesta gjeld for barn i alderen 0-18 år. Barneverntenesta har tre 100% stillingar, fagleiar og 2 barnevernkonsulentar. I løpet av 2016 har det vore store endringar i bemanninga i barnevernet. Den nytilsette barnevernkonsulenten slutta etter tre månader hausten 2016. Dei to andre var sjukemelde i deler av året og slutta ved årsskiftet. Det vart tilsett ny barnevernkonsulent i halv stilling frå hausten 2016. I tillegg vart det tilsett ein prosjektleiar som fungerande barnevernleiar. Det har og vore leigd inn ein konsulent i 100 % stilling gjennom heile 2016. Kommune kjøpte i periodar tenester frå Radøy barnevern.


Austrheim barnevern har avtale med Fedje kommune, som kjøper barneverntenester.

Utviklinga i tal bekymringsmeldingar i perioden 2011 til 2016.




I 2016 var det 21 bekymringsmeldingar til barnevernet. 8 av desse vart henlagt, 13 gjekk til undersøking.

Hausten 2016 starta Austrheim opp som deltakar i KS Vest sitt nettverk for barnevern. Det er utarbeidd ein del samanlikningar mellom kommunar i dette nettverket.



Denne grafen viser driftsutgifter til barnevern for dei minste kommunane i nettverket, samanlikna med landsgjennomsnittet. Austrheim har noko høgare kostnad enn landsgjennomsnittet, men skil seg ikkje merkbar ut. Det visere ein markert auke i perioden, spesielt dei to siste åra.



Kilde: Hentet fra KOSTRA H1. Konsern - Barnevern - nøkkeltall

Når vi ser på kostnader pr. barn i barnevernet, har Austrheim ein noko høgare kostnad enn landsgjennomsnittet og dei andre små kommunane i nettverket. Det er spesielt dei tre siste åra auken har vore stor.

Utfordringar:

Den største utfordringa for barneverntenesta framover er korleis ein skal få til ei teneste som på ein god måte tar vare på og gjev dei rette tiltak som barna i kommunen har krav på.

Regjeringa har sagt at den statlege delen av barnevernet skal leggjast ned og alt ansvaret skal overførast til kommunane. I ei slik framtid, bør Austrheim søkje samarbeid i større einingar.

Landbruk

Landbrukskontoret

Tilsette

Kontoret har 2,0 årsverk fordelt på 3 tilsette.

Aktivitet/møte

Det var 4 møte i Landbruksfagrådet (eiga årsmelding). 1.november var det ope møte for alle innan landbruket der ein hadde dialog mellom landbrukskontoret og næringa knytta til innspel til landbruksplanen.

Midlar

Landbrukskontoret har handsama følgande søknader som gjeld Austrheim:

Tiltak	Tal søknader	Tildelt stønad
Produksjonstilskot	31/29	5.993.673
Regionalt miljøprogram	6	Ukjent
Spesielle miljøtiltak i landbruket	3	50 000
Drenering av jordbruksjord	0	0 (Løyvd kr 10.000)

Andre aktuelle saker

Det er store mengder jord og andre massar som vert flytta på i Austrheim. I 2015 vart det sett igong prosjekt der Austrheim, Lindås og Meland samarbeidde for å utarbeide meir lik sakshandsaming mellom dei ulike kommunane i Nordhordland. Sluttproduktet vart rettleiaren «Jordmassar - frå problem til ressurs. Ta vare på matjorda».

Det vart etablert ei ordning for innsamling av landbruksplast. Ordninga vert organisert av landbrukskontoret. Plasten vert henta av Gangstø Transport.

Det kom inn søknad om nydyrking av 35 dekar myr. Søknad innvilga. Det har elles vore handsama søknader om landbruksvegar, deling, konsesjon, fellingsløyve m.m.

Plan, byggesak, oppmåling og miljø

Avdelinga arbeidar med forvaltningssaker etter plan- og bygningslova og anna lovverk. På avdelinga arbeider: Oppmålingsingeniør Alf Kvant. Byggesakshands, beredskapskontakt og øvingsleiar for beredskap Stein Kåre Løvslett. Byggesakshandsamar/Jurist Thomas Lindås. Kommuneplanleggjar Rolf Raknes var tilsett på avdelinga til 1. mai 2016. Avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft.

Nettomramma for avdelinga var ca. kr. 1.891.000 i 2016. Avdelinga brukte 1.982.000 kroner. Det har vore høg aktivitet på avdelinga. Omlag 90 plan-, byggje- og delingssaker vart ferdighandsama. Det vart og teke mange oppmålingsforretningar, den oppgåva går ut på å klarleggje, beskrive grenser og rettar til fast eigedom. Det kom inn 1.760.000 kr i gebyrinntekter på avdelinga. Det økonomiske resultatet var tilfredsstillande ut frå tal saker som kom inn.

Avdelinga gjennomførte 11 aktive tilsyn i 2016. Av dei 11 aktive tilsyna har 9 av tilsyna medført vidare oppfølging grunna manglar/avvik. Det er i hovudsak tiltak som anten er utført utan løyve, eller tiltak som er utført i strid med løyve. Tilsynsmynde i Austrheim er underlagt denne eininga. Ressursbruken er ca. 0,1 årsverk.

Avdelinga har i 2016 elles arbeid med desse planane:

- Kommuneplanarbeidet i Austrheim kommune (arealdelen under arbeid, samfunnsdelen er godkjent)
- Planendring reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætre marka (offentleg ettersyn).
- Austrheim kommune fekk 600.000 kroner i tilskot til Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy frå Hordaland fylke. Avdelinga deltok i arbeidet med kulturminneplan 2015-2025. «Kulturminne i Austrheim frå steinalder til oljealder».
- Kommunedelplan VA- Hovudplan for vassforsyning og avløp i Austrheim 2017-2027.
- Planendring reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av gnr 130 og 131 (omsorgsbustadar).
- Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset
- Planendring for «Detaljregulering «Søre Neset».

Desse planane vart ferdige godkjente i 2016:

Kommunedelplan for trafikkisikring 2016-2023 for Austrheim kommune vart godkjent.

Detaljregulering Leirvåg småbåthamn og naustområde vart formelt godkjent.

Områdeplan for Nordre Fonnesvågen vart formelt godkjent.

Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy vart godkjent.

Detaljregulering Mongstadporten aust Gnr. 139/93 vart godkjent.

Planstrategi 2016-2020 for Austrheim kommune vart godkjent.

Andre oppgåver:

Avdelinga med Thomas Lindås har hatt leiaransvaret for framdrifta med planlegging av eit nytt helsehus/ambulansestasjon. Alf Kvant har fått på plass naudsynte sal- og kjøpsavtalar av areal.

Kvant hadde ansvaret for å få opp adresseskilta i Austrheim kommune og fullførte dette arbeidet i 2016. Avdelinga har arbeidde med sal av kart og leveransar via Infoland.

Tilsette på avdelinga har også arbeidde med beredskap og øvingar og utarbeidd ROS-analysar. Stein Kåre Løvslett gjer eit stort arbeid her. I tillegg til overordna ROS er det utarbeidd ny overordna beredskapsplan, evakueringsplan, samt ei rekke tiltakskort. Løvslett deltek og i arbeidet med det interkommunale prosjektet «Førebygging av utmarksbrann».

Avdelinga tok initiativ til at Austrheim kommune fekk tildelt og fekk midlar til pilotprosjektet «Trafikkisikker kommune». Avdelinga leia dette arbeidet og kommunen vart sertifisert i 2016. Avdelinga arbeidde og med oppdatering og innføring av eigedomsskatt.

Avdelinga deltok og avslutta prosjektet «Ta vare på matjorda» som fekk skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og klimamidlar frå Hordaland Fylkeskommune. Rettleiar vart ferdig hausten 2016.

Avdelinga leier arbeidet med å få på plass reguleringsplan for omsorgsbustadar på Kaland. Avdelinga leier arbeidet med å få på plass forprosjekt for ein framtidsretta barnehage på Kaland.

Avdelinga deltek i det interkommunale samarbeidet Nordhordland Digital. Me hadde ansvar for seminarprogrammet for byggjesakskonferansen i Nordhordland 2016. Ein frå avdelinga held her føredrag om «Områdeplan for Nordre Fønnesvågen».

Ein tilsett på avdelinga deltek og på studier om offentleg sektor på Rena.

Det vart laga plan for «Strandpromenade og trimløype i Austrheim». Trimløypa er omkring Austrheim idrettspark mot Vikane. Det var Asplan Viak i Bergen som gjorde dette planarbeidet.

Avdelinga samarbeidar nært med mange offentlege instansar, kollegaer og innbyggjarane i kommunen.

Driftsavdelinga

Ansvar 600, 604, 605, – Teknisk drift

1. Handlingsprogram

HOVUDMÅL:

Teknisk drift utfører forvaltnings-, drifts-, og utbyggingsoppgåver.

- Forvaltningsoppgåvene er først og fremst lovpålagt sakshandsaming i hovudsak retta mot kommunen sine innbyggjarar.
- Drifts-, og utbyggingsoppgåvene omfattar tenester som gjeld kommunen sine innbyggjarar. Dette er veg, vatn, avløp og brann.
- Drift av Rongevær Kurs- og fritidssenter.
- Drift av kommunal minibuss.
- I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar,. Dette er vaktmeistertenester, reinhald, bygningsdrift og nybyggingsprosjekt,

Hovudmålet er å yte gode tenester til rett tid og oppretthalde kompetanse på avdelinga sine ulike tenestemråde.

3. Måloppnåing

ANSVAR 600.

Tekniske tenester, vassforsyning og avløp har i hovudsak vorte utført i samsvar med målsetjingar. Vasskvaliteten har vore tilfredsstillande. Kommunen har innført ny VA norm.

Ein har og montert ny pumpestasjon for avløp ved Austrheim kai etter eit lynnedslag.

Ein har få klager frå abonnentar.

Vegvedlikehald sommar/vinter og asfaltering er utført i samsvar med målsetjingar og kommunale vedtak.

Brann og beredskap er utført i samsvar med målsetjingar.

Byggeleiar gjekk av med pensjon oktober 2016.

ANSVAR 604. DRIFT KOMMUNALE BYGG OG EIGEDOMAR.

Kommunen har 38 bygningar som krev ettersyn og vedlikehald.

Det blir utført fast vaktmeisterteneste på 11 bygg. For dei resterande bygga vert det utført vedlikehald og ettersyn etter behov. I tillegg til dette utfører avdelinga arbeid i tilknytning til nybygging og investeringar.

Målsetjingane for vedlikehaldet er å drifte tekniske anlegg i tråd med bygningen sin bruk og reparere byggskeidar fortløpande.

Målsetjingane er berre delvis oppfylte.

4.Nøkkeltal for verksemda

	2015	2016
Vassforsyning		
- Abonnentar	1037	1048
- Vassforbruk 1000 m3	386	415
- Lengde hovudnett km	58	58
Avløp.		
- Ant Abonnentar	613	621
- Lengde	28	28
- Reinseanlegg	5	5
- Slamavskiljarar priv	713	713
Brannvern		
- Utrykkingar/Øvinger-kurs	31/22	54
- Feiing :	545	663
- Tilsyn private hus.	342	188
Kommunale bygg.		
Bygg totalt	38	38
Bygg med vaktmeistarar	12	12
Bygg med reinhald	16	16
Veglys	980	980
Kommunale vegar (km)	45	45

ANSVAR 605 REINHOLD.

Reinholdet vert utført i eigen regi. Tenesta er organisert som eiga gruppe og eige ansvarsområde under Teknisk drift avdeling. Det vert utført dagleg reinhold i 16 bygg. Det er auka bruk av fleire bygg som medfører meir vask.

Det er framleis behov for tilpassingar og justeringar av arbeidsopplegg og reinholdsrutinar.

5.Økonomisk resultat

Oversynet for heile avdelinga syner eit rekneskapsmessig underskot.

- Ansvarsområde 600 meirforbruk på kr 1 266 000.
- Ansvarsområde 604 bygg har underforbruk på kr 407 000.
- Ansvarsområde 605 reinhold har eit meirforbruk på kr 94.000.
- Meirforbruket er kr 85.000 i matriellkostnader.

Helseavdelinga

HOVUDMÅL:

Halde fagleg oppdatering og gje helseteneste etter årmeint aksepterte mål.

DELMÅL:

Fremja psykisk og fysisk helse og arbeide for best moglege sosiale og miljømessige tilhøve. Kontinuerleg sikre tilgjenge og god kontinuitet i tenestene, heilskap og koordinering av tenester:

MÅLOPPNÅING:

Det er ikkje registrert døme på at tilgjenge har vore ein kritisk faktor.

Telefontilgjenge er stadig ei utfordring – men betra.

Drive sikkert for pasient og tilsette. Det er ikkje registrert avvik frå lover eller at drifta har ført til negative helsekonsekvenser for innbyggjarne.

Det er ikkje registrert skriftlege klager der pasientane har fått medhald frå tilsynsmynde. Nokre klager er handsama i avdelinga som lekk i kvalitetssikringa.

Heilt sporadisk munnleg misnøye har det vore, men aldri med negative konsekvenser.

Oppdatering/revisjon av planer er ikkje à jour. Dette krev samarbeid utover avdelinga.

UTFORDRINGAR:

-Møte auka tenestebehov innan stramme rammer

-Minimalt økonomisk handlingsrom.

ØKONOMI / AKTIVITET GENERELT

Eit hovudmål har vore å få budsjettet i balanse . Det har vore stort fokus på aktivitet som gjev inntening, og på å halde utgifter i samsvar med budsjett.

2320 FØREBYGGING SKULE OG HELSESTASJONSTENESTE

Det er gjennomført program for helseopplysning, foreldre-og elevretteleing, helseundersøking, vaksinasjonar og gitt tilbod om støtte og hjelp ved behov. Tilbodet har høg brukeroppslutning og stor tilgjenge. Ein har hatt fokus på å setje alle i stand til å kunne påverke faktorer som fremjer helse, trivsel og meistring.

Tenesta har samarbeid med eit stort antal instanser i eigen kommune, Fedje kommune, sjukehus, statlige organ, helsesøsternetterverk, Høgskule osv.

Fødde barn i krinsane

År	Kaland	Årås	
2015	13	20	
2016	3	29	

Det er auke i tal tilvisingar til BUP

Interkommunale ordningar

Nordhordland Legevakt (NLV).

Austrheim deltar i interkommunal legevakt med Lindås kommune som vertskommune. Kommunen tek del i:

- Daglegevakt, kommunen blei med her frå 2009.
- Legevakt ettermiddag/natt
- Legevakt helg og høgtidsdagar

I tillegg driv kommunen lokal legevakt fram til kl. 20.00.

Kostnadene for Austrheim i Nordhordland Legevakt er 1 590 000. I tillegg kostar daglegevakta som Lindås driv 50 000.

Austrheim tek og del i kommunale Akuttsenger Døgntilbod(KAD). Dette tilbodet er knytt opp til Nordhordland Legevakt i Knarvik. Tenesta er opplevd god av dei som brukar ho, men det er berre eit belegg på om lag 40%. Kostnadene med dette er med i beløpet ovanfor frå 2013.

Kommunen tek del i interkommunal teknisk hygienisk samarbeid, der Lindås kommune er vertskommune. Tenesta er særleg knytt opp mot godkjenning av skular og barnehagar etter forskrift om miljøretta helsevern. Begge skulane og barnehagane er godkjente.

Det er auke i tal henvisninger til BUP

Helsestasjonen er og på AVS. Vi opplever eit auka samarbeid med nabokommunar grunna felles ansvar for einskildelevar.

2331 PSYKISK HELSETENESTE

Psykiatrisk sjukepleier er leiar for tenesta i tett samarbeid med psykologen. Tenesta er eit lågterskeltilbod prega av relasjonsarbeid og kontinuitet.

Ein har omfattande oppfølging av brukarar både kronisk sjuke inkludert rusmiddelavhengige og som ledd i behandling ved meir akutte tilfelle. Dette skjer i samarbeid med m.a. lækjar, heimesjukepleie, helsesøster, barnevernet, sosialkontoret, ungdomslosen, ruskonsulenten osv, internt i kommunen, men også eksternt med poliklinikk og sjukehus. Ein tek stor del i omsorg av rusavhengige.

«Grønt arbeid» gjer eit særst viktig og verdifullt arbeid opp mot fleire for å sikre aktivitet, døgnrytme, sosialt felleskap og meningfylt livutfolding for kvar enkelt som deltak.

Ein arbeider for tidleg intervensjon knytt til kriser og depresjon og angst. Terskelen for å søkje hjelp er generelt blitt lågare, og ein arbeider meir på systemnivå som førebygging av psykiske lidningar, opplysningsarbeid og anna arbeid for å motverke stigmatisering.

Måloppnåing:

Krevjande år med organisatorisk omstilling frå Familiekontoret og vakans i stillingar

Svært godt å ha aktivtetsleiari, miljøterapeut i Grønt arbeid.

E-meldingssystemet er teke i bruk.

Fagleiar sit i DPS –rådet og i Interkommunalt fagråd for psykisk helse

Psyk sykepleier har delteke i vidareutdanning i Traumebehandling- eit eitt-årig program og ho har arbeidd i ei gruppe for e-melding innan psykisk-helse.

2410:

LÆKJARKONTORET:

Ein gjev diagnostikk og behandling i fastelegordninga og gjev akuttjenester, tilsynslækjarteneste, vaktjeneste, helsestasjonsteneste og i alt administrative oppgåver osb inkl. samfunnsmedisin, avdelingsadministrasjon og utviklingsarbeid.

Tilsynslækjarfunksjonen i Nordliheimen / PLOMS går i lækjarane sitt arbeid i Helseavdelinga.

Aktiviteten utanom fast arbeidstid er stor utan at dette kjem fram i statistikkane.

Fleksibiliteten her er vesentlig av omsyn til drifta av sjukeheimen.

Kommunen har listetal 2600 pasientar og skal dekke befolkninga 2870 som er aukande.

Ein har nådd taket for aktivitetssauke seinare år og ei pasientlisteauke, 300 vert opna jan-17. Med det har Austrheim totalt plass til 2900 pasientar på legelistene.

I året har ein starta utdanningspermisjon for fastelegane og vikar er ansatt pr august.

Ein har skifta ut og anskaffa nytt medisinsk utstyr og som ledd i kontinuerlig sikring av hensiktsmessig kontorutrusting

Nytt Nødnett er teken i bruk.

2410:

FYSIOTERAPI:

A) Kommunalt tilsette:

100 % Leiande fysioterapeut-stilling

40 % fast stilling for fysioterapeut

Nye lokaler tatt i bruk i Nordliheimen des-2011. I alt vert dette for lite for 2 fysioterapeuter.

I 2016 har ein prioritert barn, palliative pasientar, postoperative pasientar, alvorleg skade el sjukdom, gravide sjukemelde som står i fare for langtidsjukemelding .

I samarbeid med Pleie og omsorgsavd. har ein ansvar for hjelpemiddelformidling.- stadig aukande arbeid med vurdering, søking, tilpassing og oppfølging.

Ein har drive grupper: trim for tilsette på Nordliheimen, trim ,fallførebyggjande gruppe, tverrfaglege ressursdager.

Tiltak	2012	2013	2014	2015	2016	
Samla undersøkingar	1 093	1 259	1 353		1 353	
Kun undersøking	85	90		62	88	
Behandling m. honorartakst	629	823	684	809	876	
Behandling u. honorartakst	408			231	110	
Heimebesøk	110	167	113	142	216	
Barnehage-skule	66	89	132	37	10	
Gruppetrening	98	122	119	69	53	

Ved utgongen av 2016 er 10 på venteliste

B)

100% **Driftstilskudd/leigeavtale.:**

(Roger S Villanger): .

Antall pasienter: 172 (101 kvinner/71 menn)

Antall konsultasjonar 7128 –(honoratakst 4255)

Snitt konsultasjonar pr dag 19,6 i 2014 og 22,1 i 2015 32,5 i 2016

GENERELL KOMMENTAR:

Langvarig auka press økonomisk. Samstundes stor aktivitet og fokus på inntening der dette går. Samstundes stor auke i administrative oppgåver inkl. møteverksemd. Dette gjev redusert kurativ tid (inntektsgjevande arbeid).

Takstauker justert i sentrale forhandlingar er ikkje samøyrt med lokale innteningskrav- desse har vore stipulerte generelt i budsjetthandsaminga lokalt. Her er ikkje samsvar.

Trongen for kursing for ALLE tilsette auker – jamnfør satsinga på kompetanse i Samhandlingsreformen!

Liten del av budsjettet går til vedlikehald av personalet sin kunnskap jfr kursing.



Skøytedag

Handlingsprogram

Helse- og omsorgstenestene har fylgjande mål:

- Tidleg innsats framfor sein innsats
- Endå betre samarbeid mellom helsetenesta og pleie og omsorg
- Fleire oppgåver med kvar brukar i kommunen
- Auka kompetanse

2016 var første heile driftsåret med reduserte sengeplassar på Nordliheimen. I periodar har dette ført til meir press på heimetenestene fordi enkelte må bu lenger i eigen heim. Samhandlingsreformen har gitt både sjukeheimen og heimetenestene meir kompliserte kreftdiagnosar dei skal ta seg av. Det er ei forventning at avdelinga skal ha meir kompetanse. Det er fokus på etterutdanning i avdelinga. Avdelinga opplever godt samarbeid med legane når det gjeld brukarane.

Fylgjande etterutdanning har vorte gjennomført i 2016:

- 1 sjukepleiar tar utdanning i stomi.
- 2 hjelpepleiarar tar vidareutdanning i rus/psykiatri
- Heile avdelinga hadde spesielt fokus på ernæring dette året.

Deltaking i KS sitt nettverk

I 2015 og 2016 deltok avdelinga i KS sitt nettverk for pleie og omsorgstenester. Dette var eit positivt nettverk, deltakarane kom i kontakt med tilsette frå andre kommunar og kunne dra vekslar på idèutvekslingar og kompetanseauke. I løpet va nettverket vart det skrive ein tenesteanalyse som beskrev tenestnivået i avdelinga. KS utarbeidde fleire statistikkar til bruk og samanlikning mellom kommunar. Austrheim deltok både med leiarar, tilsette og tillitsvalde. Denne gruppa hadde og arbeidsøkter lokalt mellom samlingane. Deltakinga vart opplevd positivt, samlande og inspirerende.

Arbeidssenteret

Dette året slutta to veteranar på arbeidssenteret. Tore Lerøy som har vore dagleg leiar sidan oppstarten på 1990-talet, er gått over i pensjonistane sine rekker. Norunn Håland som og har jobba over 20 år på arbeidssenteret har gjort det same. To fine medarbeidarar vert med dette takka for sin innsats.

I 2016 har arbeidssenteret starta opp med hønsehus og dermed sal av egg. Bemanninga er skore ned, men drifta er lagt til dels om slik at personale frå Vestlia vert med gjennom arbeidsdagen på senteret. Det er oppretta eige Facebookside der senteret informerer om hendingar. Det er produksjon av ved og fleire ulike treprodukt for sal. Brukarane har stått på sal på julemesse og på Mastrevik Torg.



Og etterpå var det dans. Frå Internasjonal brunsj

Statistiske opplysningar

Tiltak	2015	2016	Kommentar
Vedtak om heimetenestar	72	72	Samla for H I og H II
Stillingar heimesjukepleien	11,63		
Stillingar nattpatruljen	1,80	1,80	
Brukarar heimetenestar	60	60	
Tryggleiksalarmar	33	40	
Kjøparar av middagar pr. dag	23	28	
Kommunale omsorgsbustader i Vestlia	13	13	
Omsorgsbustader Furuly	10	10	
Omsorgsbustader Sætremarka	14	14	Austrheim kommune eig 3 av desse
Vedtak på støttekontakt for personar over 18 år	17		
Korttidsopphald på Nordliheimen	Ca. 31		
Tildelt langtidsopphald	Ca 3		

Økonomisk resultat

Tabellen under viser rekneskap på ulike tenester innan i perioden 2011-2016. Tala er i 1000 kr.

Teneste	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Nordliheimen	20 915	20 626	21 989	20 551	19 969	18 085
Kjøkken	3 146	3 059	3 187	3 093	3 079	3 269
Vaskeri	282	360	401	267	199	242
Heimeteneste-heimesjukepleie	8 864	8 365	8 275	6 947	7 579	5 494
Nattpatrulje	916	954	1 244	1 491	1 191	1 259
Heimeteneste II	8 847	8 124	7 281	7 559	6 111	8 295

PLOMS er den største avdelinga i kommunen. Midlane til drift av sjukeheimen er mindre i 2016 fordi 6 rom vart stilt tomme og bemanninga ved heimen vart redusert.

Støttekontakt og avlastning.

Teneste	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Avlastning støttekontakt	729	952	746	683	811	563

Tabellen viser samla sum til støttekontakter for både barn, unge og dei over 18 år. Bruken svingar frå år til år. Det er både behov og rekruttering av støttekontakter/avlastningsheimar som styrer bruken.



Vinter, snø og aktive innbyggjarar



Aktivitet i Årvika

Nav Sosial

Ansvar 302

1. Tenester

- Teneste 2420 Sosialrådgiving og rettleiing
- Teneste 2421 Edruskapsvern
- Teneste 2423 Flyktningkonsulent
- Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp
- Teneste 2530 Tilbod til personar med rusproblem

2. Handlingsprogram

VISJON: VI GIR MENNESKE MULIGHETER

Vår nye virksomhetsstrategi definerer følgende innsatsområdene for de neste 10 årene:

- **Arbeid først**
- **Påliteleg forvaltning**
- **Aktive brukarar**
- **Kunnskapsrik samfunnsaktør**
- **Løysningsdyktig organisasjon**

Lov om sosiale tenester kap.1

Formål: "Å fremme økonomisk og sosial tryggleik" Det inneber retten til arbeid som rettesnor for all vår hjelp og bistand.

Mål.

Målsettinga med arbeidet som vert utført er å oppfylle intensjonane i lovverk, ha fokus på arbeid og sikre at brukarane av tenestene får rett hjelp til rett tid.

Teneste 2420 Sosialrådgiving og rettleiing

I dette teneste område ligg driftsutgiftene til avdelinga dvs. løn og andre kostnader.

Me har ei 100% stilling som sosionom md hovudvekt på sosialt arbeid og rus

Me har ei 50% stilling som sosionom med hovudvekt på gjeldsrådgeving.

Vi har hatt stort sjukefråvær i sosialtenesta store delar av 2016. Det har vore stor press på sakshandsamer og i periodar har tenesta ikkje vore utført. Kritisk område.

MÅL 2016:

Vi har som overordna mål i 2016 å redusere tal på unge sosialhjelpsmottakarar og få dei raskast mogleg i arbeid eller utdanning.

Kommunen har også i 2016 tilbud om «Grønt arbeid» som jobbtilbud til dei som fell utanfor arbeidslivet. Tilbodet fungerer godt og har fått auka status blant ungdom.

Me brukar og i stor grad statlege tiltak for denne gruppa. Aukande behov for tiltak for ungdom som er utan arbeid. Tilbodet har og vore nytta av flyktningane.

På grunn av auke fokus og arbeid med flyktningar, har ungdomsgruppa vore nedprioritert delar av 2016 ut frå kapasitetsomsyn. Dette har medført auke i utbetalingar av sosialhjelp.

Teneste 2421 Edruskapsvern

I rusvernarbeidet er det målsetjinga å hindre auke i problem, skape haldningsendring gjennom førebyggjande arbeid og arbeide tverrfagleg.

Vi har ikkje klart å få til dette eller å prioritere tiltak i 2016.

Ruspolitisk handlingsplan er utarbeidd på ny og vore gjennom politisk handsaming. Dette er vi svært nøgd med å ha fått på plass.

Skjenkeløyve har vore gjeve i tråd med eksisterande plan.

Vi har eit godt samarbeid med psykiitrenesta, pleie og omsorgs- og helsetenesta i kommunen, når det gjeld fleire av våre brukarar med rusrelaterte problem.

Vi har ansvar for ansvarsgrupper og utarbeiding av individuelle planar.

Har koordineringsansvar for Rusførebyggjande gruppe i kommunen.

Det vert flere personer med rus/psykiatri problem.

Vi treng å styrke bustadsosialt arbeid og oppfølging i bustad.

Teneste 2423 Flyktningar

Vi har ein tilsett i 100% stilling som flyktningkonsulent frå februar 2016 og ut året.

Vi har tilsett 100% stilling som programrådgjever frå desember 2016.

Vi har ein tilsett i 40% vikariat delar av 2016.

Vi har hatt ein tilkallingshjelp med timelønning frå nov. 2015.

Tenesta er prega av stadige endringar i tilsette som er ei utfordring for kontinuitet i tenesta.

I 2016 ble det busett 15 personar av dei 10 vaksne og 5 barn. Alle er frå Syria.

Det kom 12 personar på att foreining, av desse 4 vaksne og 8 barn. Det har vore to barnefødselar i flyktning familiar i 2016. 3 personer er flytta ut av kommunen.

Totalt er det no busett 63 flyktningar i Austrheim.

Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

De rettleiande retningslinjene er fastsett med fylgjande satsar per måned frå 1. januar 2016

	2016
Einslig	kr. 5 850
Ektepar/sambobere	kr. 9 750
Person i bufelleskap	kr. 4 850
Barn 0-5 år	kr. 2 250
Barn 6-10 år	kr. 2 950
Barn 11-17 år	kr. 3 800
Lomme pengar i institusjon	Kr. 650 (pr. veke)

Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i NAV er en skjønnsmessig yting, jf. lovens § 18. Sosialtenesta har både rett og plikt til å utøve skjønn når ein vurderer om det skal ytast stønad, og ved utmåling av stønaden. Satsane i dei rettleiande retningslinjene må derfor sjåast som eit utgangspunkt for det skjønn som skal utøvast.

Sosialtenesta har i 2016 ikkje klart å vektleggje arbeid med unge sosialhjelpsmottakarar gjennom samarbeid i Nav kontoret i like stor grad som tidlegare. Dette kjem av den samla ressurs situasjonen i kontoret.

Vi har hatt ein lita auke i talet på unge sosialhjelpsmottakarar i aldersgruppa 18-24 år. Vi hadde 19 personar i 2015 og 20 personar i 2016.

I aldersgruppa over 25 år hadde vi 20 som fekk hjelp i 2015 og 27 i 2016. Her er ein auke på 7 personar frå 2015.

Totalt fekk 81 personar økonomisk sosialhjelp i 2016 mot 73 i 2015. Det har altså vore auke frå 2015 til 2016. Det er også auke i brukarar som har sosialstønad som einaste livsopphald i en periode på minst 12 månader. På grunn av mottak av nye flyktningar har det også vore ytt sosialhjelp til dei fram til dei startar i introduksjonsprogrammet.

Vi har i 2016 hatt kostnader til sosialhjelp på 3,050 millionar mot kostnader på 2,501 million kroner i 2015.

Gjeldsrådgeving:

Vi hadde i 2015 fleire saker der vi var inne med gjeldsrådgeving til brukarar. I tillegg får mange økonomisk rådgeving av oss. I delar har 2016 har vi ikkje hatt sakshandsamar på plass. No kjøper vi denne tenesta frå Meland Nav.

I nokre tilfelle er sosialtenesta inne i gjeldsordnings saker i tett samarbeid med namsmannen. Tendensen går mot auke av slike saker. Mange har problem med økonomistyringa uavhengig av storleik på inntekta.

3. Måloppnåing :

Målet for 2016 var å leggje vekt på eit målretta og systematisk arbeid, slik at brukarane av tenestene var avklart til arbeid og vert sikra rett hjelp til rett tid.

For å oppnå måla har vi hatt fokus på gode rutinar, klare ansvarsforhold, godt samarbeid internt og eksternt og god kompetanse gjennom å oppdatere oss på nye ting som skjer innan fagområda våre. På grunn av sjukefråvær har vi ikkje kunne halde sakshandsamingstider

Vi har framleis kort sakshandsamingstid på søknader, men stor auke i høve til tidlegare år.

Tidlegare har vi vektlagt at vi skal vera lett tilgjengelege for brukarar. I 2016 var oppgåvene auka slik at vi er stengd kvar onsdag og fredag for brukarar for å sakshandsame søknader. Det er likevel mogleg å søkje på servicekontoret om vi er stengd.

Kvalifiseringsprogrammet:

Ingen personar har vore i kvalifiseringsprogrammet i 2016.

4. utfordringar

Å greie å gi lovpålagte tenester til beste for brukarane med dei ressursar som rammene gir oss.

Me har utfordringar i høve til behov for akuttbustader

Å utvikle det tverrfaglege arbeidet endå betre.

Å ivareta det sosialfaglege arbeidet integrert i Nav kontoret sine oppgåve.

Ta imot flyktningkvote i 2016.

5. Tverrsektorielt samarbeid

I 2016 har vi berre samarbeid i enkeltsaker mellom anna i formelle ansvarsgruppemøter, dialogmøter med legar, brukar og arbeidsgjevarar. Vi har samarbeid i tenesteområde Nordhordland i forhold til statlege oppgåver, men kor vi også drøftar kommunale og sosialfaglege felles problemstillingar.

På grunn av auke i ROP-brukarar, rus og psykiatri, er behov for samarbeid med helse og familiekontoret viktig. Området kan trenge fleire ressursar enn vi har no.



Frå Landbruksdagane 2016

KULTURAVDELINGA

Tenester

Kulturavdelinga femnar om allment kulturarbeid (255) , tenestekområda kulturskule (250) og bibliotek (251).

Kulturskule – ansvar 250

Kulturskulen har tilbod om:

- Babysong
- Barnekor
- Musikk til menneske med særlege behov
- Visuell kunst
- Piano
- Keyboard
- Gitar
- Band
- Korpsinstrument (elevane er ikkje registrert i kulturskulen)

Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtenester til Austrheim skulekorps, Kaland skulemusikklag og Austrheim Songlag. Skulen har utvikla eit bandtilbod for gitarelevane. Skulen har no to slike grupper som utviklar seg svært positivt. Gitarelevane og banda har gjort fleire studioinnspelningar i studio til gitarlærer Jon Martin Skauge. Innspelningane heldt svært høg kvalitet. Kulturskulen bidreg til å utvikla store prosjekt både med kommunen sitt barnekor og songlaget. Tiriltunge barnekor er delt i 2 grupper, men opptreir også saman når det er tenleg. Barnekoret hadde sommarkonsert på Tusenårsstaden og julekonsert i kyrkja, samt framsyning for fulle hus på samfunnshuset med Hakkebakkeskogen. For instrumentalelevane vert det arrangert konsertar i peisestova vår. Ved semesterslutt arrangerer me større konsertar i lokala til seniorsenteret. Teikne- og maleelevane har hatt fleire utstillingar.

Bibliotek – ansvar 251 er ei lovpålagt teneste der kvar kommune skal ha eit folkebibliotek. Formålet står i Lov om folkebibliotek.

Frå semesterstart skuleåret 2014 overtok folkebiblioteket ansvaret for skulebiblioteket på Austrheim vidaregåande skule. Vi får refundert ei 35% stilling frå fylkeskommunen. Vi har opningstid på AVS onsdag og torsdag, og vi yter litteraturformidling o.a. ovenfor skulen. Austrheim folkebibliotek, har

også ansvar for skulebiblioteket på Kaland, og har to faste bibliotekeningar; hovudbiblioteket i kommunehuset, og Fønnes filial på Kaland skule. Biblioteket har ope 25 timar i veka. Frå august 2016 overtok folkebiblioteket i tillegg ansvaret for Årås skulebibliotek. Utlånet er automatisert og vert administrert ved hovudbiblioteket på kommunehuset. Vi saknar utlånsautomat.

Tiltak barn/ungdom

Ungdomsklubben

Tenester som ungdomskoordinator tilbyr er ulike fritidsaktivitetar for ungdom i aldersgruppa 8. klasse til 2. vgs. Ungdomskoordinator har kontakt med ulike lag og organisasjonar for å samarbeide om tilbod til ungdom. Austrheim ungdomsklubb har tilbod om 2 faste klubbkveldar i veka.

Om våren er vi på Mastrevik kai og har aktivitetar. Det har vore arrangert 3 spontan familiedagar i skuleferien som vart annonsert på Facebook. Dette var eit populært tilbod også for flyktningane. Det har og vore aktivitetsdagar i Årvika med ungdomsklubben som "Kom deg ut dagen".

Ungdomsklubben samarbeider med Radøy og Lindås gjennom organisasjonen LARM og har ein del felles faste arrangement som dataparty, paintaballturnering, Halloween Party og juleball.

Austrheim ungdomsklubb bidrog strekt under «Ein smak av Austrheim». Det var familiedag på Mastrevik kai og aktivitetar for born ved senteret. I tillegg stilte mange av ungdommane som «ryddecrew» før og etter festivalen.

Ungdomsklubben var sterkt representert under Kulturdagane. Det var mange ulike tilbod for ungdom i perioden.

Open hall

Kvar skuleferie er det Open hall. Dette er framleis svært populært og mange foreldre er takksame for tilbodet. Under open hall er det ca. 50 born og unge innom på dag, på kveldstid er det oppunder 40. stk.

Ungdomsrådet

Ungdomskoordinator er sekretær for ungdomsrådet. Som vanleg starta ungdomsrådet 2016 med Karneval for dei minste. Det var nesten 300 austrheimingar som deltok på karnevalet. Karnevalet er eit samarbeid med ungdomsklubben og 26 ungdommar arbeidde frivillig.

Ungdommens hus

2015 var fyste året i nytt hus og dei tilsette og ungdommane stor koser seg i huset. Huset har vist seg å fungere slik dei tilsette håpte. Kombinasjonen med ungdomsklubb og open hall er ein stor suksess. Det har kome mange nye fjes i dei nye lokala og fleire ungdommar frå Kaland deltar også.

Friskus

Kulturavdelinga og Heimeteneste II samarbeider om turar som er tilrettelagt. Det vert laga turprogram med månadlege Friskus turar. I Havsportsveka hadde vi eige program med kajakk, ribbtur, og arrangement i Årvika. I tillegg til turar har det vore måndagsklubb med middag og aktivitetar i det nye Ungdommens hus for Friskusane.



Friskustur til Fønnes med besøk om bord i Vikingfjord

Allmenne kulturføremål, kommunen gjev tilskot til 17.mai komitèane på skulane til den offisielle feiringa av 17.mai.

Den kulturelle skulesekken – DKS

Vi får fast ca 40.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune, og brukar tilskotet til kul-turar for 2.-4.-6.-8. klasse, og til DKS kulturtilbod som kjem på skulane via fylketsturnè.

Den kulturelle spaserstokken – DKSS

Dette er eit nasjonalt utviklingstiltak vi må søkje på årleg. I år 2016 fekk vi kr 35.000 til gode kulturopplevingar av høg kvalitet til eldre.

Kinoen, 9. klasse på Årås og Kaland tek dugnaden med kinoen på samfunnshuset, og Bygdekinoen har eit svært aktuelt filmprogram. Kinodag er anna kvar måndag.

Naturforvaltning og friluftsliv. Prosjekt "Turstiar i Austrheim – opprusting" held fram og grendelaga og andre engasjerte visar interesse og tek jobben med opprustinga.

Kystsogeveke

Fønnesdagen har utvikla seg til ein festival med Dajen før dajen, Fønnesdajen og Dajen derpå. Fønnes Bygdela er aktiv og dei har eit stort publikum på Fønneskaien.

Tur i fiskarbonden sitt rike – Krossøy

Grendalaget i Krossøy hadde omvising i gardsmuseet, smia og naustmiljøet. Det var guida tur og vi vart kjend med fiskarbonden sitt liv på Krossøy. Fiskesuppe og kaffimat i naustet.

Havsportsveka - NOW

BKK ungdomsarrangement i Årvika, Tilrettelagt rib-tur , Padlarar i Rongevær, ulike aktivitetar på Mastrevik kai, og sosiale arrangement og mat på Kjelstraumen Vertshus.

Smaken av Austrheim vil skape aktivitet og opplevingar i sentrum, og det var mange fine arrangement i teltet ved Mastrevik Torg.

Landbruksdagen i oktober er ein viktig møteplass for bønder og andre interesserte og har eit stort publikum. Det er truleg det største arrangementet og kåringsjå i heile landet.

Selsøy

Neptun Pensjonistklubb arrangerer kvart år markering av 8. mai på Selsøy. Eit flott område for refleksjon og rekreasjon. Neptun jobber med oppgradering av området.

Kulturdagane 22. september – 2. oktober 2016 – *Sjå kva vi kan!* 11 dager med minst 25 ulike kulturarrangement, nesten 3500 publikum

Utfordringar

Vi har stor aktivitet i forhold til ressursar. Det er lite tid til planarbeid, administrasjon og forvaltning. Samarbeid er viktig, men møteverksemd tek tid. Dei tilsette i kulturavdelinga har ulik arbeidstid og oppmøteplass.

Det er ein utfordring å nå publikum med informasjon og vi må bli flinkare til å bruke Facebook o.a.

Økonomi

Kulturavdelinga styrar aktiviteten etter budsjett, vedtak, handlingsprogram og lovverk, og lagar "kultur" i forhold til dei ressursar vi disponerar.

Vi har søkt ulike tilskot og spelemidlar og har fått innvilga/utbetalt kr 630.000 i 2016.

Vi merkar at meir og meir av budsjettet går til faste utgifter og løn, og mindre til innkjøp og arrangement. Vi har verna om tilskot til lag og organisasjonar slik at det ikkje har vore reduksjon i kulturmidlar og andre tilskot i 2016.

Kulturskolen:	kr 1.722.000
Bibliotek:	kr 1.507.000
<u>Anna kultur</u>	kr <u>2.356.000</u>
KULTUR	kr 5.585.000

Løn kulturavdelinga utgjer ca kr 4.328.000 , dvs 77,5 % av kulturbudsjettet

kulturavdelinga er vi 11 tilsette i 630% stilling + 55 % (skulebibliotekar)

Biblioteka leverer statistikk til Nasjonalbiblioteket.

Det totale utlånet på biblioteket i år 2016 er 14.017 mot i fjor 14.437. Det er ein nedgang på ca. 2,9%. I 2015 lånte vi ut 5,05 per innbyggjar, mens vi i 2016 lånte ut 4,85 per innbyggjar.

Fonnes filial har ein tydeleg profil som barne- og skulebibliotek, og har stort utlån til målgruppa barn og unge. Hovudbiblioteket lånar ut meir til vaksne, men ser at skulane har fokus på lesing og elevane på Årås brukar biblioteket meir enn tidlegare.

Biblioteket hadde 699 aktive lånarar , og bestanden er ca 25.963 media. Det er få ressursar til formidling av bøker, og vi ser at vi må jobbe aktivt opp mot barnehage, skule og heim for å auke leselysta. Kulturleiarstillinga i 40% tek meir av ressursane, og det gjer at biblioteket ikkje har hatt 60% biblioteksjef over fleire år.

Eining	Totalt utlån	utlån til vaksne	utlån til barn	Utlån pr. innbyggjar
Hovudbibl.	8632	3954	4678	4,48 (2/3 av innb.)

Fonnes filial	5115	591	4524	5,31 (1/3 av innb.)
E-bøker	270			
Total	14.017	4545	9202	4,85

Folkehelsearbeidet i Austrheim 2016

Arbeid med turstiar

Folkehelsekoordinator har samarbeidd tett med leiar for kultur når det gjeld turstiar og badeområde. Tanken er at ved god tilrettelegging og lett tilkomst, vil fleire kunne bruke desse fasilitetane og alt tyder på at det er god folkehelse i turar og eit aktiv uteliv. Fokus har vore særleg på Steinalderstien ved Fosnstraumen, turstiar/vegar til Vardetangen, friluftsområdet i Øksneset og friluftsområdet i Årvika.

Kommunale planar

Ein viktig del er å koma med innspel til kommunale planar som er under arbeid. Folkehelsekoordinator skal sjå etter at folkehelseperspektivet vert teke med og teke på alvor. Folkehelsekoordinator har delteke aktivt.

Interkommunalt arbeid

Det har vore nokre få samlingar gjennom året der underteikna har teke del. Både i regionen og på fylket. Nyttig å utveksle erfaringar med andre.

Folkehelseoversikt 2016-2018

Saman med kommuneoverlege Peter Kubon har folkehelsekoordinator utarbeid folkehelseoversikt for Austrheim kommune. Denne vart teken til orientering i Kommunestyre juni 2016.

Økonomi

Stillinga som folkehelsekoordinator er plassert i rådmannen sin stab og utgjer 40 %. Frå 1.januar 2017 vert folkehelsearbeidet delt mellom Anita Soltveit og Helge Dyrkolbotn. Gjennom årleg søknad får vi eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune på 75.000 kr til stillinga

FRIVILLIGSENTRALEN 2016

1.7.2 Frivilligsentralen

Pr. 31.12.15 hadde sentralen ca. 250 brukarar og 100 frivillige.

Målsetjing:

Vere ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet.
Opptre som katalysator for idear og forslag, og bidra til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljøet.
Frivilligsentralen samarbeider med lag og organisasjonar, PPT, barnevern, helsestasjon, Nav, Kulturskule, kulturavdeling og andre instansar.

Innsatsen til dei frivillige utgjer 2 ½ årsverk.

SENIORSENTERET 2016

Målsetjing:

Seniorsenteret skal vere ein open møteplass, der ein kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitet og samhald med andre menneske!

Frivilligsentralen har aktivitetar på dagtid 4 dagar i veka.

Måndag: Herretrim og sosialt samvær.
Fysioterapeuten er med kvar veke.

Tysdag: Dametrim og sosialt samvær.
Fysioterapeuten er med ei gong kvar mnd.

Onsdag: Dataklubb. Har hatt ulike prosjekt på dataklubben.
Middag og sosialt samvær

Torsdag: Strikkeklubb, kafé og sosialt samvær med ulike innslag.

➤ **Utleige Seniorsenter**

Frivilligsentralen er ansvarleg for drift av Seniorsenteret.

I tillegg til aktivitetar på dagtid var senteret i bruk til 150 arrangement.

- Seniorsenteret har vore utleigd til lag og organisasjonar, privatpersonar, politiske parti mm. Forutan aktivitetane på dagtid har huset vore utleigd til 150 ulike arrangement.

Frivillige gjer ei kjempeflott innsats på Seniorsenteret.

Difor er det mogeleg å fylla huset med liv, aktivitet og samhald.

Seniorsenteret er ei møteplass og bidrar sterkt til å byggje nettverk.



Det går på full fart framover


Demografisk utvikling

Befolkningsutvikling Austrheim Kommune

Nedanfor vert det vist statistikkar som viser utvikling i tal innbyggjarar i Austrheim kommune dei siste åra. Når det gjeld endringa i innbyggjartalet frå 2016 til 2017, har det auka med 15 menn og 11 kvinner. Toalt er dette en auke på 26 personar.

	År	År	År	År	År	År	År	År
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Menn								
0 år	20	18	7	17	13	14	19	17
1-5 år	57	70	72	72	84	86	84	83
6-12 år	143	134	127	136	120	115	112	119
13-15 år	44	51	57	53	60	65	73	69
16-19 år	78	74	58	72	68	74	77	82
20-44 år	480	501	494	486	472	464	445	448
45-66 år	435	436	436	451	442	429	434	433
67-79 år	142	147	159	161	179	195	196	204
80-89 år	38	35	30	28	31	34	39	40
90 år eller eldre	9	6	5	3	4	4	6	5
	1446	1472	1445	1479	1473	1480	1485	1500
Kvinner								
0 år	11	13	14	19	14	10	14	16
1-5 år	65	68	72	72	89	88	86	85
6-12 år	122	120	112	114	102	117	112	119
13-15 år	52	52	62	62	56	57	47	46
16-19 år	87	78	67	72	75	78	84	76
20-44 år	362	395	399	401	408	397	388	392
45-66 år	393	385	392	393	385	385	394	381
67-79 år	124	132	144	154	162	174	173	190
80-89 år	62	61	50	49	51	53	57	60
90 år eller eldre	14	13	19	18	18	17	18	19
	1292	1317	1331	1354	1360	1376	1373	1384
							År	
	År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	2016	År 2017
Totalt	2738	2789	2776	2833	2833	2856	2858	2884

Befolkningsutvikling grafisk



Folketalet i Nordhordland.

Totalt sett så har folketallet i regionen auka med 20 % sidan 2000, det er meir enn gjennomsnittet for landet (17 %). Austrheim sin sterke vekst i folketallet i første delen av tida etter år 2000 har stoppa opp. Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein vekst på 50 % - høgast i fylket, men også i Lindås har auken vore stor. Dei minste kommunane med unntak av Modalen, har ein reduksjon i folketallet når ein ser på heile perioden frå 2000 til 2017. Det positive er at alle kommunane har ein auke i 2016.

Kommune	Folketal 01.01. i åra					Folketal - 2017 i % av		
	2000	2005	2010	2016	2017	2000	2010	2016
1252 Modalen	354	361	344	381	383	108 %	111 %	101 %
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 957	8 026	115 %	108 %	101 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 812	8 021	150 %	121 %	103 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 077	5 128	112 %	106 %	101 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 607	15 731	126 %	110 %	101 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 858	2 884	114 %	105 %	101 %
1265 Fedje	682	661	594	576	587	86 %	99 %	102 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 701	1 710	96 %	105 %	101 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 370	2 371	95 %	103 %	100 %
Nordhordland	37 262	38 468	40 776	44 339	44 841	120 %	110 %	101 %
Hordaland	433 932	450 348	479 185	518 513	521 980	120 %	109 %	101 %
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 213 985	5 258 317	117 %	108 %	101 %
Dei kommunane som har større vekst enn landet - er lysegrønne felt								

Befolkningsgruppa over 80 år brukar statistisk 7 gonger så mykje helsetenester som den yngre delen av befolkninga. Tabellen under viser framskriving av talet for denne aldersgruppa. Det vil bli viktig i framtida å bygga ut tenesteapparatet til denne auken. Etter denne tabellen for framskriving, vil auken i Austrheim verte merkbar i tida fram mot 2025. Det er viktig å planlegge utbygging av omsorgstrappa til å stetta denne auken i behovet.

80 år og eldre - året 2017 = 100 %									
	2000	2005	2010	2017	2020	2025	2030	2035	2040
1252 Modalen	74 %	83 %	48 %	100 %	109 %	78 %	126 %	113 %	170 %
1253 Osterøy	103 %	109 %	112 %	100 %	102 %	114 %	155 %	181 %	205 %
1256 Meland	67 %	83 %	87 %	100 %	100 %	123 %	189 %	243 %	279 %
1260 Radøy	118 %	126 %	107 %	100 %	102 %	125 %	159 %	194 %	223 %
1263 Lindås	85 %	94 %	98 %	100 %	104 %	128 %	182 %	227 %	253 %
1264 Austrheim	96 %	98 %	99 %	100 %	110 %	155 %	206 %	234 %	245 %
1265 Fedje	98 %	87 %	89 %	100 %	80 %	80 %	84 %	111 %	124 %
1266 Masfjorden	96 %	92 %	87 %	100 %	95 %	98 %	112 %	125 %	151 %
1411 Gulen	122 %	114 %	103 %	100 %	102 %	114 %	149 %	153 %	169 %
Nordhordland	95 %	101 %	99 %	100 %	102 %	121 %	166 %	199 %	225 %
Hordaland	86 %	95 %	98 %	100 %	105 %	121 %	156 %	184 %	210 %
Landet totalt	86 %	96 %	100 %	100 %	105 %	123 %	160 %	187 %	212 %

Framskriven utvikling for barn i grunnskulealder.

Barn i grunnskulen - 6 -15 år - året 2017 = 100 %									
	2000	2005	2010	2017	2020	2025	2030	2035	2040
1252 Modalen	98 %	80 %	73 %	100 %	94 %	80 %	83 %	83 %	94 %
1253 Osterøy	107 %	110 %	105 %	100 %	103 %	115 %	127 %	131 %	130 %
1256 Meland	78 %	86 %	87 %	100 %	115 %	124 %	131 %	137 %	139 %
1260 Radøy	103 %	105 %	104 %	100 %	101 %	105 %	105 %	105 %	103 %
1263 Lindås	81 %	86 %	92 %	100 %	103 %	108 %	113 %	119 %	122 %
1264 Austrheim	102 %	100 %	102 %	100 %	103 %	115 %	120 %	126 %	126 %
1265 Fedje	108 %	113 %	109 %	100 %	80 %	84 %	81 %	76 %	76 %
1266 Masfjorden	127 %	120 %	108 %	100 %	106 %	108 %	105 %	102 %	98 %
1411 Gulen	123 %	138 %	117 %	100 %	95 %	97 %	107 %	111 %	108 %
Nordhordland	92 %	97 %	97 %	100 %	104 %	111 %	117 %	121 %	123 %
Hordaland	94 %	99 %	98 %	100 %	102 %	104 %	108 %	112 %	114 %
Landet totalt	92 %	98 %	98 %	100 %	102 %	102 %	105 %	109 %	111 %

Tabellen viser at Austrheim ikkje vil oppleve så stor auke i elevar i grunnskulealderen. Det er i dag knapt 400 elevar.

	% av dei som er 11 - 15 år				
	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	1 - 5 år	6 - 10 år
1252 Modalen	18	35	29	62 %	121 %
1253 Osterøy	524	499	540	97 %	92 %
1256 Meland	644	650	518	124 %	125 %
1260 Radøy	317	326	317	100 %	103 %
1263 Lindås	1 041	1 114	1 084	96 %	103 %
1264 Austrheim	168	170	183	92 %	93 %
1265 Fedje	30	30	49	61 %	61 %
1266 Masfjorden	106	108	98	108 %	110 %
1411 Gulen	133	120	157	85 %	76 %
Nordhordland	2 981	3 052	2 975	100 %	103 %
Hordaland	31 957	32 572	31 073	103 %	105 %
Landet totalt	307 437	323 202	310 051	99 %	104 %


Når det gjeld barn i barnehagealder, viser framskrivinga at det i perioden vil bli færre barn og dermed behov for mindre barnehageplassar.

Innvandring til Austrheim

Kommunal Rapport hadde ein artikkel om innvandring til norske kommunar. Tala er henta frå SSB sine statistikkar og gjeld innvandrarak og norskfødde barn av innvandrarak. Austrheim er nr 90 på liste over norske kommunar med andel innvandrarakbefolkning. Andelen av folketalet i kommunen er 14,6 %.

Her er dei 15 landa det kjem størst tal innvandrarak frå.

2017	
Personer	
Polen	96
Litauen	66
Romania	60
Somalia	31
Syria	28
Filippinene	25
Thailand	13
Tyskland	9
Ukraina	9
Danmark	6
Kroatia	6
Liberia	6
Nederland	6
Tyrkia	6
Storbritannia	5
Sverige	5
Burundi	3
Canada	3
Chile	3
Estland	3
Irak	3
Iran	3
Israel	3
Kina	3
Kongo	3
Latvia	3
Moldova	3
Russland	3
Spania	3
USA	3
Usbekistan	3
	422



422 registrerte innvandrarak utgjer 14,6 % av folketalet i Austrheim. Det er registrert 30 nasjonalitetar i kommunen. Det er eit kulturelt mangfold blant innbyggarakane v re.

Sluttord

Året 2016 har vore eit år med fokus på stram økonomistyring. Leiarane, dei tillitsvalde og dei tilsette har lojalt fylgt oppmodinga om å setja tæring etter næring. Etter to år med underskot på tilsaman 13-14 millionar, er det positivt å snu det til eit overskot på 4,5 million.

Dei tillitsvalde har hatt fokus på at det ikkje må gå utover dei tilsette. Årsmeldinga viser ein auke i sjukemeldingane. Det er viktig å ha eit auge med kva denne utviklinga skuldast. Her vil leiarar og dei tillitsvalde ha ei felles oppgåve det komande året.

Den kommunale organisasjonen i Austrheim yter eit breidt spekter av tenester. Det er imponerande å sjå kva innbyggjarane får av tilbod både i reine kommunale tenester og ulike kulturaktivitetar i samarbeid med lag og organisasjonar. Det vitnar om eit livskraftig lokalsamfunn.

Austrheim er og ein kommune med stort innslag av innvandrarar. Statistikken som er referert i årsmeldinga, viser at det er 30 ulike nasjonalitetar i kommunen. Sanneleg eit fargerikt kulturelt mangfald. Som innbyggjarar i eit lokalsamfunn har vi ei stor og viktig oppgåve å arbeide med integreringa i kommunen.

Med dette legg rådmannen fram ei fyldig årsmelding om aktiviteten i 2016.

Austrheim 26.04.2017

Jan Olav Osen

Rådmann



Nokre av syrarane som bur i Austrheim. Frå Internasjonal brunsj.



Tiriltunge barnekor under opninga av Kulturmarsjen i Kulturdagane.



Skal du bu i Austrheim, er det å meistra sjøen viktig. Her er ivrige deltakarar hos Ungdomsklubben sitt arrangement på Mastrevik kai.